



Møteinnkalling

Vestnes kontrollutval

Møtedato: 19.10.2020 kl. 13:00
Møtestad: Vestnes rådhus, Formannskapssalen
Arkivsak: 20/00010

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf +47 71111579 eller e-post
jane.anita.aspen@kontrollutvalgromsdal.no. Vararepresentantar møter etter nærmare beskjed frå
møtesekretær

, 12.10.2020

Sign.
Inge Einar Bergum
Leder i utvalg

Jane Anita Aspen
møtesekretær

Saksliste

Godkjenning av innkalling

Referatsaker

18/20 Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023.PDF	3
19/20 Melding om vedtak - Plan for eigarskapskontroll 2020-2023 (1).PDF	5
20/20 Melding om vedtak - Forslag til budsjett 2021 - Kontrollarbeidet i Vestnes kommune.PDF	7
21/20 signert uavhengighet vestnes.pdf	8

Orienteringssaker

Saker til behandling

32/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 31.08.2020	10
33/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2019	19
34/20 HUSBANKEN SI STARTLÅN OG TILSKOTSORDNING	30
35/20 DRIFTSRAPPORT 1. HALVÅR 2020	37
36/20 OPPFØLGINGSLISTE TIL MØTE 19.10.2020	65

Eventuelt



KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.
20/00614-34

Saksbehandlar
Silje Beate Sylte
+47 71184043

Dato
22.09.2020

Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023

Vestnes kommunestyre gjorde i sitt møte den 17.09.2020 slikt vedtak i sak 76/20:

1.
Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
 - Offentlege anskaffingar
 - Barnevern
2.
Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.
3.
Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.
4.
Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.

Heile handlinga av saka ligg vedlagt.

Med helsing

Silje Beate Sylte
Konsulent arkiv

Dokumentet er elektronisk godkjent

Postadresse
Brugata 10
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon
71 18 40 00

postmottak@vestnes.kommune.no

Org.nr
939 901 965



midt i blinken

Vedlegg:

ROV-FR-24.04.2020 Vestnes.pdf

Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023

Vedtak



KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	20/00614-35	Silje Beate Sylte +47 71184043	22.09.2020

Melding om vedtak - Plan for eigarskapskontroll 2020-2023

Vestnes kommunestyre gjorde i sitt møte den 17.09.2020 slikt vedtak i sak 77/20:

Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga.

Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Heile behandlinga av saka ligg vedlagt.

Med helsing

Silje Beate Sylte
Konsulent arkiv

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
ROV-EK.24.04.20.Vestnes.pdf
Plan for eigarskapskontroll 2020-2023
Vedtak



KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.
20/00614-36

Saksbehandlar
Silje Beate Sylte
+47 71184043

Dato
22.09.2020

Melding om vedtak - Forslag til budsjett 2021 - Kontrollarbeidet i Vestnes kommune

Vestnes kommunestyre gjorde i sitt møte den 17.09.2020 slikt vedtak i sak 78/20:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei ramme på kr 1 130 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Heile behandlinga av saka ligg vedlagt.

Med helsing

Silje Beate Sylte
Konsulent arkiv

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kostnadsfordeling 2021 -korrigeret etter styremøte 240820.pdf

Estimat 2021 Vestnes kommune.pdf

Regnskapsrapport.pdf

Forslag til budsjett 2021 - Kontrollarbeidet i Vestnes kommune

Vedtak

Postadresse

Brugata 10
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon

71 18 40 00

postmottak@vestnes.kommune.no

Org.nr

939 901 965



midt i blinken

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kontrollutvalget i Vestnes kommune

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet for Vestnes kommune

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Møre og Romsdal Revisjon Sa har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnede har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av, utover at Møre og Romsdal Revisjon Sa utfører revisjon og er organisert som et samvirkeforetak.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Medlem av styrende organer (§ 18 c)	Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at Møre og Romsdal Revisjon Sa utfører revisjon og er organisert som et samvirkeforetak
Deltakelse eller funksjoner i annen virksomhet (§ 18 d)	Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.
Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)	Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Undertegnede er bevisst på at også slik veiledning må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Vestnes Kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.
Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f)	Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Vestnes Kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.
Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Vestnes Kommune.

Molde, 03.09.2020



Anne Oterhals
oppdragsansvarlig revisor
Møre og Romsdal Revisjon Sa



Saksframlegg

Arkivsak-dok.	20/00009-1
Saksbehandler	Jane Anita Aspen

Utval	Møtedato	Utvalsak
Vestnes kontrollutval	19.10.2020	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 31.08.2020

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte 31. august 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte.

Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte, samstundes som det vert valt to til å signere protokollen.

Vedlegg

Protokoll 200831korrigert

Særutskrift:



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 4/20
 Møtedato: 31.8.2020
 Tid: Kl. 13.00 – kl. 15.50
 Møtestad: Formannskapssalen
 Sak nr: 24/20 – 31/20
 Møteleiar: Paul Hjelvik, nestleiar (Pp)
 Møtande medlemmer: Torfinn Marken (Sp)
 Marianne Frøland (H)
 Margrethe Anundsen (V)
 Forfall: Inge Bergum, leiar (Ap)
 Ikkje møtt: Ingen
 Møtande vara: Geir Stokkeland (V/Pp/Ap/Sv)
 Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
 Frå revisjonen: Ingen
 Av øvrige møtte: Ingen

Nestleiar ønska velkommen og leia møtet.
Sakliste og innkalling vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 24/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. JUNI 2020
PS 25/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 26/20	FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 – KONTROLLARBEIDET I VESTNES KOMMUNE
PS 27/20	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023
PS 28/20	PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023
PS 29/20	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT PÅSJÅ-ANSVAR FOR REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2019
PS 30/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 31/20	EVENTUELT

PS 24/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. JUNI 2020
----------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 3. juni 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Paul Hjelvik

2. Margrethe Anundsen

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart framsett forslag om at Paul Hjelvik og Margrethe Anundsen vert valt til å underskrive protokollen frå møte 3. juni 2020.

Det vart også framsett forslag om at protokollen blir underskrive med pen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 3. juni 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Protokollen vert signert elektronisk.

PS 25/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 11/20 **Sluttrapport/prosjektrekneskap – Tomrefjord Idrettsbygg**, saksprotokoll Vestnes kommunestyre 18.6.2020, sak 49/20.
- RS 12/20 **Tilbakemelding på tilsyn med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming**, brev datert 20.5.2020 frå Vestnes kommune til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
Kontrollutvalet merka seg at det framleis er mykje som ikkje er på plass. Til dømer retningslinjer og rutinar som er planlagt endra eller laga ny, men der arbeidet ikkje er fullført enda. Utvalet vil føle opp tilsynet til dette er kome på plass.
- RS 13/20 **Kommunestyrets instruksjonsrett for medlemmene i representantskap i eit interkommunalt selskap IKS**, Artikkel frå Jan F. Bernt vidaresendt frå ÅRIM 24.6.2020.
- RS 14/20 **Oppdatert informasjon om årsmøte i ÅRIM**, brev datert 10.8.2020 frå ÅRIM til eigarkommunane, representantskapet og styret.
- RS 15/20 **Utvikling av kommuneøkonomi Møre og Romsdal 2019**, Rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal publisert 16.7.2020.
- RS 16/20 **Svar på spørsmål om tolkingen av kommuneloven § 23-5**, brev datert 4.8.2020 frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) .

RS 17/20 **Tilstandsrapport for grunnskolen 2019**, administrasjonssjefen sitt saksframlegg til kommunestyret 18.6.2020, sak 59/20, vedlagt Tilstandsrapport for grunnskolen 2019
Utvalet drøfta det som kom fram i tilstandsrapporten; og ynskjer til neste møte å få tilbakemelding frå administrasjonssjefen om følgjande:

- Kva konkrete grep vert tatt for å kome nærare landssnittet og måltal på nasjonale prøvar, då særleg på 8. trinn?
- Er det leksehjelp for ungdomsskuleelevar?
- Kva vert gjort for å finne årsakene til at så mange har behov for spesialundervisning, og vert det gjort noko for å redusere behovet?

Orienteringssaker:

OS 04/20 **Nytt personvernregelverk**
Orientering vart utsett til neste møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 26/20	FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 – KONTROLLARBEIDET I VESTNES KOMMUNE
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei ramme på kr 1 130 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte knytt til postane i forslag til budsjett. Det vart i møte framsett forslag om å budsjettere med 2 450,- til tapt arbeidsforteneste, då nokre av dei som kan kome til å møte som vara kan ha rett på dette.

Budsjett forslag for 2021 vert då sett opp slik:

Konto	Tekst	Budsjett for 2021
1082	Godtgjersle folkevalde	32 000
1083	Tapt arbeidsforteneste	2 450
1099	Arbeidsgjevaravgift	3 400
1102	Tidsskrift/abonnement	17 000
1150	Opplæring og kursutgifter	25 000
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	0
1171	Utgiftsdekning reise	2 000
1197	Kontingentar	7 000
	Sum kontrollutvalet si eiga verksemd	88 850
1272	Andre konsulenttenester (revisjon)	800 000
1380*	Kjøp av tenester frå eigne særverksemd	241 150
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	1 130 000

Det vart framsett forslag om vedtak slik:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei ramme på kr 1 130 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei ramme på kr 1 127 550.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

PS 27/20	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
 - Offentlege anskaffingar
 - Barnevern
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.
4. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet hadde ei grundig drøfting av planen. Det vart av medlemmene understreka at områda som vert utpeika som risikoområder i risiko- og vesentleganalyse men ikkje lagt inn i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023, vil utvalet følgje opp på andre måtar enn ved forvaltningsrevisjon.

Eit område som utvalet ønskjer prioritere å undersøke nærare, er kommunale vegar og vedlikehald av kommunale bygg.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
 - Offentlege anskaffingar
 - Barnevern
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.

4. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.

PS 28/20	PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema

Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga.

Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggingsskjema

Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga.

Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

PS 29/20	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT PÅSJÅ-ANSVAR FOR REKNESKAPSREVISJON – REVISJONSÅRET 2019
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for rekneskapsrevisjon 2019 »

Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Vestnes kommune har hatt revisjonsåret 2019, har vore forsvarleg. Kontrollutvalet vil følgje opp dei forhold som ikkje er på plass.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som går fram av dokumentet «Kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for rekneskapsrevisjon 2019 »

Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Vestnes kommune har hatt revisjonsåret 2019, har vore forsvarleg. Kontrollutvalet vil følgje opp dei forhold som ikkje er på plass.

PS 30/20	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Nytt personvernregelverk

I 2018 fekk Norge ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunane.

31.08.20: I samråd med administrasjonssjefen vert denne orienteringa utsett til møte 19.10.20.

Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune

På Vestnes kommune si heimeside så kjem det fram at Vestnes kommune har avtale med dei private andelsvassverka om å oppfylle kommunen sine lovpålagte krav om vassforsyning. Dei private vassverka er; Tresfjord vassverk SA, Vestnes vassverk, Tomrefjord vassverk, Fiksdal vassverk og Rekdal vassverk. Det er interessant for kontrollutvalet å halde seg orientert om korleis Vestnes kommune sikrar vassforsyninga i kommunen. Det kjem fram i kommunen si årsmelding 2018 at Tekniske tenester har ansvar for drift og vedlikehald av avløpsnett og avløpsreinsing.

31.08.20: Utvalet ynskje til møte 19.10.202 å få orientering om korleis vassforsyninga i kommunen.

Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019

Helsetilsynet har konkludert med følgjande lovbrøt:

Vestnes kommunen sikrar ikkje at alle personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helsetenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evalueringa av tenesteutføringa.

Vestnes kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.

31.08.20: Utvalet fekk i dagens møte, jf. RS 12/20 framlagt kommunen si tilbakemelding til fylkesmannen knytt til oppfølging av lovbrota. Det er mange tiltak som står i kommunen sin planen for oppfølging, som ikkje er fullført enda. Utvalet ønskje å bli orientert om status og framdrift i arbeidet.

Kontrollutvalet si handsaming

Orienteringa om personvernregleverket som var planlagt i dagens møte, vert i samråd med administrasjonssjefen utsett til neste møte. Administrasjonssjefen har opplyst at dei då kan gje meir oppdatert informasjon.

Utvalet gikk gjennom oppfølgingslista. Det vart ikkje ført opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 31/20	EVENTUELT
-----------------	------------------

Arbeidsplan 2020 – Kontrollutvalet i Vestnes

Det vert gjort følgjande korrigeringar i arbeidsplanen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

~~31.08.2020 – Nytt personvernregelverk~~
 19.10.2020 – Nytt personvernregelverk
 19.10.2020 – Vassforsyning i Vestnes
 19.10.2020 - Startlån og tilskot frå Husbanken
 19.10.2020 – ~~Verksamdsbesøk~~

Oppgåver knytt til rekneskapsrevisjon

~~31.08.2020 – Revisjonsplan revisjonsåret 2020~~
~~31.08.2020 – Revisjonen sin uttale om kontroll med etterleving av økonomiforvaltninga~~
 19.10.2020 – Revisjonsplan revisjonsåret 2020
 19.10.2020 – Revisjonen sin uttale om kontroll med etterleving av økonomiforvaltninga

Oppgåver knytt til forvaltningsrevisjon

~~31.08.2020 – Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenester i Vestnes kommune»~~
 23.11.2020 – Oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenester i Vestnes kommune»

Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen

~~31.08.2020 – Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2020~~
~~31.08.2020 – Openheitsrapport frå revisjonen~~
~~31.08.2020 – Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2020)~~
~~31.08.2020 – Oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA~~
 19.10.2020 – Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor sin vurdering av uavhengigheit for Vestnes kommune for revisjonsåret 2020
 19.10.2020 - Openheitsrapport frå revisjonen
 19.10.2020 – Dialogmøte med revisjonen om «Honorar for gjeldande år» (2020)
 23.11.2020 – Oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA

Husbanken si startlån og tilskottsordning

Møteleiar Paul Hjellvik opplyser at han 9.6.2020 mottok ein e-post frå Dagfinn Wiik, der han krev at utvalet granskar korleis Husbanken si tilskottsordning har vore praktisert i kommunen og korleis ordninga kan og bør praktiserast.

Dagfinn Wiik opplyser i e-posten at han i formannskapsmøte hadde tatt opp spørsmål om Husbanken si tilskotsordning hadde vore vurdert knytt til ei konkret sak som var opp til handsaming i formannskapet.

Utvalet si handsaming

Sekretariatet presiserer at det berre er kommunestyret som organ som kan krevje at kontrollutvalet undersøker ei sak. Utover dette står utvalet fritt til å vurdere kva saker dei skal undersøke nærare

Utvalet er einig om at dette er ei sak dei ynskje å undersøke, då det kan ha betydning for kor attraktivt det er for unge etablerarar å busette seg i kommunen.

Konklusjon

Utvalet bed om at sekretariatet førebur ei sak om dette til neste utvalsmøte; og at det vert henta inn opplysningar frå administrasjonssjefen om følgjande;

- Kor mange søknader om startlån og tilskot har kommunen fått dei siste 5 åra, fordelt på år?
- Kor mange har fått innvilga søknad?
- Kva var grunngjevinga for avslag?
- Kva er kriteria for å få innvilga startlån og tilskot, er desse sentrale eller er det også fastsett lokale kriterium?
- Korleis er søknadsbehandlinga organisert i Vestnes kommune?
- Korleis fastset kommunen kor mykje startlån som skal takast opp for vidareutlån?

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Marianne Frøland
medlem

Margrethe Anundsen
medlem

Geir Stokkeland
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 20/00003-4
Saksbehandler Jane Anita Aspen

Utval	Møtedato	Utvalsak
Vestnes kontrollutval	19.10.2020	33/20

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2019

Sekretariatet si innstilling:

Revisor har funne at Vestnes kommune ikkje har vedteke satsar for tilskot for 2019 innan fristen som var 31.10.2018.

Kommunestyret vil rå administrasjonssjef til å følge revisor si tilrådingar:

- Nytte tilskotsmodell utarbeidd av KS og PBL (Private Barnehagers Landsforbund),
- Etablere gode rutinar som sikrar at vedtak vert gjort innan fristen.
- Sikre god ettersporbarheit for vedtak av denne typen som vert gjort administrativt.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sitt ansvar for rekneskapsrevisjon følger av

Kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

I ny kommunelov er det komme inn ei ny oppgåve for revisor:

§ 24-9. Forenklet etterlevelseskontroll med økonomi- forvaltningen

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Vurdering

Den nye lova trådte i kraft frå 1.1.2020 og reglane knytt til rekneskap, gjeld frå og med rekneskapsåret 2020. Det er likevel bestemt at det skal gjennomførast ein forenkla etterlevingskontroll for 2019, men då med enklare saksgang og risikovurdering.

Føremålet med forenkla etterlevingskontroll er at revisor innafor ei avgrensa ressursramme skal gjennomføre ein kontroll som skal kunne førebyggje svakheiter og bidra til å sikre at kommunen følgjer sentrale reglar og vedtak på økonomiområdet.

Revisjonen sin frist for å komme med utale etter sin kontroll er etter kommunelova satt til 30.6.2020, men pga. Koronapandemien er revisjonen sin frist utsett til 15.9.2020.

Revisor har vurdert at det for rekneskapsåret 2019 er mest relevant å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll på **Berekning av tilskot til private barnehagar**, dette med bakgrunn i at

- Vedtaksmyndighet er delegert til administrasjonen
- Det er få personar som utfører og har kompetanse på området – nøkkelpersonrisiko
- Revisjonen har ikkje gjennomført kontrollar på området dei siste åra.

Revisjonen har valt ut følgjande kriterium for kontroll:

1. Kommunen har fastsett tilskotssatsar innan fristen
2. Kommunen har gjennomført sine berekningar av tilskot til dei private barnehagane i tråd med reglane i barnehagelova og tilhøyrande forskrift.

Revisjonen har funne følgjande:

1. Vestnes kommune nyttar ikkje tilskotsmodell utarbeidd av KS og PBL (Private barnehagers Landsforbund)
 - Kommunane er ikkje pålagt å nytte modellen, men revisjonen rår til at kommunane nyttar tilskotsmodellen fordi den er standardisert og lettare å etterprøve
 - Kommunen sitt eige verktøy er ikkje like godt å spore
2. Kommunen gjorde vedtak om tilskotssatsar etter fristen som var 31. oktober 2018 (året før tilskotsåret)
 - Revisjonen rår kommunen til å etablere gode rutinar som sikrar at vedtak vert gjort innan fristen.
 - Revisjonen rår vidare til at kommunen sikrar god ettersporbarheit for vedtak av denne typen som vert gjort administrativt.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor skriv sin uttale:

Basert på utførte kontrollhandlingar og innhentede bevis har vi blitt oppmerksom på avvik i etterleving av regelverk for beregning av tilskudd til private barnehager

- Kommunen har ikkje vedtatt satser for tilskudd for 2019 innan fristen som var 31.oktober 2018.

Med unntak av de forhold som er nevnt over har vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Vestnes kommune i det alt vesentlige ikke har etterlevd bestemmelsene ved beregning av tilskudd til private barnehager og at beregningen er i samsvar med kravene slik de fremgår av § 35 i forskriften.

Førebuing til forenkla etterlevingskontroll 2020

Kontrollutvalet vil i revisjonen sin presentasjon også finne ei risiko- og vesentleganalyse og revisor sitt forslag til kva område ein bør velje for forenkla etterlevingskontroll for 2020.

Kontrollutvalet kan i møte kome med innspel til område å prioritere i denne kontrollen, men det er revisor som vil ta avgjerd om kva område som skal prioriterast for 2020.

Konklusjon

Forutan å vedta satsar for tilskot for 2019 innan fristen som var 31.oktober 2018, så har kommunen i det alt vesentlege etterlevd reglane for berekning av tilskot til private barnehagar. Sekretariatet vil likevel rå til at revisors sine tilrådingar vert følgt.

I saker som skal oversendast kommunestyret, skal administrasjonssjef få høve til å uttale seg før kontrollutvalet behandler saka, jf. kommuneloven § 23-5. Administrasjonssjefen har blitt opplyst om dette i e-post datert 7.10.2020.

Vedlegg

Vestnes kommune - KU møte 19112020 Forenklet etterlevelseskontroll (002)
Vestnes kommune 2019 -Uttalelse fra revisor om forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen ny (002)

Særutskrift:

05.10.2020

Forenklet etterlevelseskontroll 2019

Kontrollutvalget Vestnes kommune

MØTEDATO: 19. OKTOBER 2020

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

1

Revisjonens overordnede mål

- ▶ Effektiv og trygg forvaltning av offentlige midler
- ▶ Vi skal uttale oss om at kommunens
 - ▶ disposisjoner er i samsvar med budsjett
 - ▶ årsregnskap er i samsvar med lover og forskrifter
 - ▶ opplysninger i årsmeldingen er konsistent med årsregnskapet
 - ▶ registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger er ordentlig og oversiktlig
 - ▶ Nytt fra og med 2020: Forenklet etterlevelseskontroll
- ▶ Rapportering på utført regnskapsrevisjon blir konkludert på hvert år i revisjonsberetningen
- ▶ Forenklet etterlevelseskontroll skjer fra og med 2020 i egen rapport ihht ISAE 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon ...»

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

2

05.10.2020

3

Forenklet etterlevelseskontroll

Hjemmel i ny kommunelov § 24-9.

Formålet er å forebygge og avdekke alvorlige feil og mangler i økonomiforvaltningen som ikke blir kontrollert under den finansielle revisjonen.

Utføres av kommunens regnskapsrevisor, med avgrenset ressursbruk.

Revisor velger ut område for kontroll basert på en risiko og vesentlighetsvurdering

Risikovurdering – revisors vurdering av hvilke områder det er størst sannsynlighet for at det kan skje brudd på regelverk og vedtak, og hvilke konsekvenser et slikt brudd kan medføre.

Vesentlighetsvurdering

- kvantitativt (beløpsstørrelse, for kommunen, enkeltpersoner eller grupper) og/eller
- kvalitativt (t.d. omdømmetap eller politisk prioritering)

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

3

4

Kontrollutvalget

Revisor sin risiko- og vesentlighetsvurdering legges frem for kontrollutvalget til **orientering**.

Valgt område skal være tydelig avgrenset og det skal være klart hva som inngår i kontrollhandlingene.

Attestasjonsuttalelse sendes til kontrollutvalget innen 15. september 2020 etter å ha mottatt uttalelse fra kommunedirektør (rådmann)

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

4

05.10.2020

5

Risiko- og vesentlighetsvurdering

For 2019 bygger vi vår vurdering på vår utførte risiko- og vesentlighetsvurdering utført i ordinær regnskapsrevisjon samt funn i overordnet risiko og vesentlighetsvurdering utarbeidet av forvaltningsrevisjon for plan for forvaltningsrevisjon.

Revisor vurderer det mest relevant å gjennomføre forenklet etterlevelseskontroll for følgende risiko:

Beregning av tilskudd til private barnehager

Dette er med bakgrunn i at

- ▶ Vedtaksmyndighet er delegert til administrasjonen
- ▶ Det er få personer som utfører og har kompetanse på området – nøkkelpersonrisiko
- ▶ Vi har ikke gjennomført kontroller på området de siste årene

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

5

6

Konkret vurdering

- ▶ Utvalgte kriterium for kontroll:
 1. Kommunen har fastsatt tilskuddssatser innen fristen
 2. Kommunen har gjennomført sine beregninger av tilskudd til de private barnehagene i tråd med reglene i barnehageloven og tilhørende forskrift
- ▶ Kilde for kriterium:
 1. Barnehageloven § 14
 2. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
 3. Delegasjonsvedtak

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

6

FUNN- konklusjon

1. Vestnes kommunen benytter ikke tilskuddsmodell utarbeidet av KS og PBL
 - ▶ Kommunene er ikke pålagt å bruke modellen, men vi anbefaler at våre kommuner å bruke tilskuddsmodellen fordi den er standardisert og lettere etterprøvbar
 - ▶ Kommunens egne verktøy gir ikke like god sporbarhet
2. Kommunen gjorde vedtak om tilskuddssatser etter fristen som var 31. oktober 2018 (året før tilskuddsåret).
 - ▶ Vi anbefaler kommunen å etablere gode rutiner som sikrer at vedtak gjøres innen fristen
 - ▶ Vi anbefaler videre at kommunen sikrer god ettersporbarhet for vedtak av denne typen som gjøres administrativt.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

7

Administrasjonssjefens uttalelse

- ▶ Revisjonens funn og konklusjon er rapportert til kommunedirektøren.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

8

05.10.2020

Forenklet etterlevelseskontroll 2020

Risiko nr	Risikofaktor	Risiko for feil	Eksisterende tiltak/merknader til risikoen	S	K	Risikonivå
R1	Offenlige anskaffelser/innkjøp	Komplisert regelverk	Medlem av Årim	M	H	Høy
R2	Driftstilskudd til private barnehager	Komplisert regelverk, delgert til administrasjonen å fastsette	Nøkkelpersoner/fåfall personer som har kunnskap om beregningsordningen	M	L	Middels
R3	Vederlag opphold institusjon	Komplisert regelverk, delgert til administrasjonen å fastsette	Nøkkelpersoner/fåfall personer som har kunnskap om beregningsordningen	M	L	
R4	Selvkost	Komplisert regelverk	Nøkkelpersoner/fåfall personer som har kunnskap om regelverk, kommunen bruker ekstern kompetanse av Momentum som støttefunksjon	M	L	Lav
R5	Finansforvaltning	Kommuner har fått høy langsiktig gjeld, sårbar for rentepåkninger	Nøkkelpersoner, få med god kompetanse på finansforvaltning. Rapporteres sammen regnskapsrapportering per kvartal	M	M	Middels
R6	MVA forholdsmessig fradrag flerbr	Komplisert regelverk	Fåfall personer med god mva kompetanse på området	L	H	Lav
R7	Skille drift/investering	Trang økonomi øker risiko for feilvurderinger i hht til KRS 4	Ikke etablerte fast rutiner for egenkontroll. Bør ha dokumentasjon på egne vurderinger	M	H	Middels

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

9

Forenklet etterlevelseskontroll 2020- Revisors forslag er å se på beregning av vederlag for opphold i institusjon

- ▶ 1. Innkjøp/offenlige anskaffelser
 - ▶ Mangler rutiner for systematisk egenkontroll
 - ▶ Vurdert som høy risiko og vesentlighetsvurderingen som var grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon
- ▶ 2. Beregning av driftstilskudd til private barnehager
 - ▶ gjennomført for 2019
- ▶ 3. Vederlag opphold institusjon
 - ▶ Fåfall nøkkelpersoner som har ansvaret for området, sårbart
 - ▶ **Området er ikke kartlagt de siste årene og bør derfor prioriteres**
 - ▶ Feil i rutiner for beregning for opphold kan gi økonomiske konsekvenser
- ▶ 4. Beregning av Selvkost VAR områdene
 - ▶ Fåfall nøkkelpersoner med ansvar for området
 - ▶ Området er ikke kartlagt de siste årene og bør vurderes prioritert i 2021

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

10

05.10.2020

Forenklet etterlevelseskontroll 2020- Revisors forslag er å se på beregning av vederlag for opphold i institusjon

- ▶ 5. Finansforvaltningen
 - ▶ Fåttall personer med kompetanse gir økt sårbarhet
 - ▶ Trang økonomi og høy lånegjeld gjør kommunen sårbar for renteøkninger
 - ▶ Krav til rapportering på etterlevelse av regelverk
- ▶ 6. Mva behandling forholdsmessig fradrag flerbruksbygg og ved utbygging i samarbeid med private
 - ▶ Avgrensninger i retten til mva kompensasjon eller fradrag ved utleie
 - ▶ Komplisert regelverk, fåttall personer med kompetanse på området
- ▶ 7. Skille drift og investering
 - ▶ Økt risiko for feilvurderinger med trang kommuneøkonomi og store etterslep på vedlikehold

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

11

12

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får enda bedre
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

12

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til Kontrollutvalget i Vestnes kommune

Kopi til Administrasjonssjefen i Vestnes kommune

Uttalelse fra revisor om forenklet etterlevelseskonsroll med økonomiforvaltningen

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen for 2019.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Vestnes kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av reglene i forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager hvor vi kontrollerer at kommunen;

- har gjennomført beregning av tilskudd til private barnehager, og at denne er i tråd med gjeldende regelverk
- har fattet vedtak om satser innen fristen som er 31. oktober i året før tilskuddsåret i henhold til krav i forskriften § 9

Periode:

Vi har kontrollert tilskuddsperioden 2019

Kriterier er hentet fra:

Forskrift om tilskudd til private barnehager med hjemmel i barnehageloven § 14

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for Møre og Romsdal revisjon SA, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Møre og Romsdal revisjon SA et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskonsroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskonsroll.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Basert på utførte kontrollhandlinger og innhentede bevis har vi blitt oppmerksom på avvik i etterleving av regelverk for beregning av tilskudd til private barnehager

- Kommunen har ikke vedtatt satser for tilskudd for 2019 innen fristen som var 31.oktober 2018.

Med unntak av de forhold som er nevnt over har vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Vestnes kommune i det alt vesentlige ikke har etterlevd bestemmelsene ved beregning av tilskudd til private barnehager og at beregningen er i samsvar med kravene slik de fremgår av § 35 i forskriften.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for formålet som er beskrevet ovenfor og til kontrollutvalget i Vestnes kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Molde, 15.september 2020

Møre og Romsdal revisjon SA



Anne Oterhals

oppdragsansvarlig revisor



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 20/00012-2
Saksbehandler Jane Anita Aspen

Utval	Møtedato	Utvalsak
Vestnes kontrollutval	19.10.2020	34/20

HUSBANKEN SI STARTLÅN OG TILSKOTSORDNING

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar informasjon knytt til Husbanken si startlån og tilskotsordning til orientering.

Det vert føresett at kommunen følg sentrale retningslinjer for tildeling av startlån og at det raskt vert etablert kommunale retningslinjer for tildeling av tilskott til etablering og tilpassing.

Bakgrunn

Kommunestyret har med heimel i kommunelova § 23-1 valt eit kontrollutval som skal føre kontroll på deira vegne.

Kommunestyret i Vestnes har i vedtatt Reglement for kontrollutvalet. I reglementet § 6 står det bl.a. følgjande i 4. og 5. ledd:

Om kontrollutvalet skal behandle ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innafor kontrollutvalet sitt mandat. I tillegg må kontrollutvalet vurdere om saka representerer ein tilstrekkeleg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving og vedtaksoppfølging.

Kontrollutvalet kan også behandle kontaktar frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner dei har ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet avgjer sjølv om det kontakten gjeld høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan.

I kontrollutvalet sitt møte 31.8.2020, under sak 31/20 Eventuelt, viser protokollen frå møtet følgjande

Husbanken si startlån og tilskotsordning

Møteleiar Paul Hjellvik opplyser at han 9.6.2020 mottok ein e-post frå Dagfinn Wiik, der han krev at utvalet granskar korleis Husbanken si tilskotsordning har vore praktisert i kommunen og korleis ordninga kan og bør praktiserast.

Dagfinn Wiik opplyser i e-posten at han i formannskapsmøte hadde tatt opp spørsmål om Husbanken si tilskotsordning hadde vore vurdert knytt til ei konkret sak som var opp til handsaming i formannskapet.

Utvalet si handsaming

Sekretariatet presiserer at det berre er kommunestyret som organ som kan krevje at kontrollutvalet undersøker ei sak. Utover dette står utvalet fritt til å vurdere kva saker dei skal undersøke nærare

Utvalet er einig om at dette er ei sak dei ynskje å undersøke, då det kan ha betydning for kor attraktivt det er for unge etablerarar å busette seg i kommunen.

Konklusjon

Utvalet bed om at sekretariatet førebur ei sak om dette til neste utvalsmøte; og at det vert henta inn opplysningar frå administrasjonssjefen om følgjande;

- Kor mange søknader om startlån og tilskot har kommunen fått dei siste 5 åra, fordelt på år?
- Kor mange har fått innvilga søknad?
- Kva var grunngjevinga for avslag?
- Kva er kriteria for å få innvilga startlån og tilskot, er desse sentrale eller er det også fastsett lokale kriterium?
- Korleis er søknadsbehandlinga organisert i Vestnes kommune?
- Korleis fastset kommunen kor mykje startlån som skal takast opp for vidareutlån?

Vurdering

Husbanken skriv følgjande på si heimeside om [startlån](#):

Husbanken gir startlån til kommuner for videre utlån til enkeltpersoner. Startlån er for personer som skal kjøpe bolig, utbedre eller tilpasse bolig, bygge ny bolig eller refinansiere dyre lån, dersom dette bidrar til at husstanden kan bli boende i boligen.

Formålet med startlånordningen

Noen personer har langvarige problemer med å skaffe seg en passende bolig og beholde den. Startlån kan bidra til at flere kan finansiere sin egen bolig.

Kommunen låner startlånmidler fra Husbanken for videre utlån til enkeltpersoner. Du som saksbehandler vurderer søknadene ut fra den enkelte husstands økonomi og posisjon på boligmarkedet.

Hvem kan du gi startlån og tilskudd til?

Dersom søkeren har lav inntekt og mangler egenkapital, er startlån normalt eneste mulighet til å finansiere et boligkjøp.

Når du behandler søknader, skal du vurdere hver sak individuelt. I vurderingen inngår følgende spørsmål:

- Forventer du at søkeren vil å ha langvarige problemer med å finansiere en egnet bolig?
- Har søkeren utnyttet muligheten sin til å spare innenfor husstandens økonomiske forutsetninger og samtidig klart å dekke utgifter til livsopphold?

Hvis du vurderer at personen har god nok økonomi til å få lån i privat bank, bør du oppfordre vedkommende til å prøve dette først.

Kommunen kan gi startlån alene, eller sammen med tilskudd til boligetablering eller boligtilpasning. Bruk av tilskudd gjør det mulig å finne gode løsninger for flere husstander med store utfordringer eller særskilte behov.

Prioriter barnefamilier!

Barnefamilier som bor i en uegnet bolig eller har behov for å få en stabil bosituasjon kan få lån umiddelbart. De behøver ikke å spare først. Dette gjelder selv om de har relativt god inntekt, og selv om du som saksbehandler vurderer at de ikke har utnyttet sparepotensialet. Hensynet til barnas behov for stabile og gode oppvekstvilkår er avgjørende.

God bruk av startlån kan bidra til å løfte familier med lav inntekt ut av fattigdom og skape en stabil bosituasjon på sikt. Barnefamilier som leier bolig er derfor en prioritert målgruppe for startlån.

Kan familien få lån i vanlig bank, skal de imidlertid primært benytte et slikt lånetilbud.

Startlån til EØS-borgere?

Kravene til personer som har lovlig opphold i Norge er de samme som for andre. Noen arbeidsinnvandrere kan møte særlige utfordringer på boligmarkedet. Derfor bør kommunen vurdere startlån som et godt virkemiddel for å bidra til at personer i denne gruppen kan skaffe seg en passende bolig. Dette gjelder spesielt barnefamilier.

Startlån til arbeidsinnvandrere?

Arbeidsinnvandrere som ikke er nordiske borgere eller EØS-borgere, må søke om oppholdstillatelse før de er aktuelle for startlån. Har personen oppholdstillatelse på fem år, er det sannsynlig at vedkommende vil søke varig opphold. I slike tilfeller kan kommunen gi startlån. Dersom oppholdstillatelsen gjelder for ett år, må kommunen vurdere om personen har behov for å etablere seg i egen bolig.

Hva kan du gi startlån til?

Du kan gi startlån til å

- kjøpe bolig
- utbedre og tilpasse en bolig
- bygge ny bolig
- refinansier dyre lån, dersom det bidrar til at husstanden kan bli boende i boligen

Boligen skal passe for husstanden behov over tid, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet. En nøktern og rimelig bolig innebærer at boutgiftene vil være rimelige sammenliknet med alternative leieboliger.

Lånet kan brukes til å fullfinansiere boligen eller som topplån, der private banker eller Husbanken gir grunnfinansiering.

Startlån kan også finansiere nødvendige utbedringer i boligen. Forutsetning er at lånet blir sikret innenfor 100 prosent av verdi etter utbedringen.

Hvor mye startlån kan du gi?

Startlån innvilger du etter behovsprøving. Du vurderer personen sitt behov for startlån og eventuelt tilskudd individuelt. Dersom du oppfatter at personen har mulighet til å få lån i privat bank, bør du oppfordre vedkommende til å søke vanlig lån.

Kravet til betjeningsevne for startlånet, innebærer at låntaker kan betale de fremtidige boutgiftene over tid og fortsatt ha nødvendige midler igjen til livsopphold. Kravet er ikke det samme som bankenes krav.

Det er ikke krav om egenkapital for å få startlån. Lånet kan dekke hele kjøpesummen inkludert omkostninger.

Utgangspunktet for å beregne lån er husstandens inntekt etter skatt, minus det beløpet som skal dekke husstandens utgifter til livsopphold. Husbanken anbefaler å ta utgangspunkt i SIFOs standardbudsjett, og tilpasse dette til den enkelte husstands økonomiske situasjon. Disponibelt beløp til boutgifter etter fradrag for alle øvrige utgifter, er utgangspunkt for å beregne startlån. Da er antatte faste utgifter i fremtidig bolig også tatt med ved beregning.

I driftsrapport 1. halvår 2020 kjem det fram at Vestnes kommune har motteke lån frå Husbanken til vidareformidling (startlån) på 4 millionar i 2. kvartal 2020. Tilleggsloan på 8 millionar kroner er enno ikkje kome til utbetaling, men blir truleg utbetalt i 3. kvartal 2020.

I vedlagt tilbakemelding frå administrasjonen er det lagt inn ei oversikt over startlån og tilskot 2015-2019. Det kjem fram i informasjonen at kommunen pr. 1. september har 58 aktive startlånsaker. Dette inkluderer 38 søknader om startlån og 20 søknader der det ikkje er gjort vedtak enda. Det kjem fram i oversikta at årsaker til at ein ikkje har gjort vedtak, kan skuldast at søkjar ikkje har levert den dokumentasjon som trengst for å behandle søknaden.

Administrasjonen skriv at dei fleste avslag på startlån er grunngjeve med at søkjar ikkje har tilstrekkeleg økonomi til å betene lån og samtidig ha nok til livsopphald.

Det står vidare at avslag på søknader om tilskot til etablering eller tilpassing normalt er at dei ikkje kjem inn i målgruppa som økonomisk vanskelegstilt, og at dei kan erstatte tilskot med startlån.

Det kjem fram i informasjonen frå administrasjonen at det den siste tida har blitt endringar i heimel for tilskot. Tilskota er frå 1.1.2020 heimla i Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot. Frå 1.1.2020 får kommunen tilskotta tildelt via rammeoverføringane frå staten. Kommunen må utarbeide egne retningsliner for tildeling av tilskott til etablering og tilskott til tilpassing. Frå 1.1.2020 er startlån heimla i Forskrift om lån frå Husbanken kapittel 5. I tillegg har kommunen «Veileder for lån frå Husbanken» som arbeidsverktøy, skriv administrasjonen.

I nytt økonomireglement som var til behandling i kommunestyret 15.10.2020, er det lagt inn følgjande under pkt 7.3. Mynde til å gi utlån;

Administrasjonssjefen er delegert mynde til å sakshandsame og avgjere søknadar om «Startlån», uavhengig av lånebeløp. Prinsippsaker skal Administrasjonssjefen legge fram for formannskapet til avgjerd. Sakshandsaming skal skje i tråd med «forskrift om lån fra Husbanken», kap. 5, og «Veileder for lån fra Husbanken», kap.5.

Det kjem fram i informasjonen at ein søker startlån eller tilskot elektronisk via Husbanken.no, og at sakene blir behandla i Husbanken sitt saksbehandlingssystem. Saksbehandlar i kommunen førebur saker

og legg dei fram for kommune sitt Fagråd for startlån, for diskusjon. Fagrådet har fire medlemmer; saksbehandlar for startlån, gjeldsrådgjevar frå NAV, saksbehandlar frå servicekontoret og representant frå administrasjonssjefen. Rådet har møte kvar 3. veke. Det er formannskapet som er klageinstans for startlån og tilskott til etablering/tilpassing.

Kommunen sine låneopptak er basert på erfaringstal med tidlegare utlån. Det kjem fram i informasjonen at kommunen i perioden 2015-2019 har lånt 13 mill. frå Husbanken. Det er kommunestyret som godkjenner alle opptak av startlån frå Husbanken

Konklusjon

Kontrollutvalet har motteke ei grundig orientering frå administrasjonen. Slik sekretariatet vurderer det, så ser området ut til å vere sterkt regulert av sentralt lovverk og retningslinjer. Det vert vurdert som positivt at kommunen har etablert eit Fagråd for vurdering av startlånsøknader. Sekretariatet føreset at kommunen raskt får på plass retningslinjer for tildeling av tilskot til etablering og tilskott til tilpassing.

Dersom kontrollutvalet ynskjer å undersøke om retningslinjer for startlån er følgt, så er det nausdynt å bestille tenester til dette frå revisjonen. Revisjonen vil då måtte gå inn i eit utval saker for å vurdere om saksbehandlinga av desse søknadene er i tråd med retningslinjene. Sekretariatet er i tvil om det ligg føre tilstrekkeleg risiko knytt til dette, til at det kan forsvarast å nytte ressursar på ei slik undersøking framfor til dømes eit forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Vedlegg

Kontrollutvalet - svar på spørsmål til møte 19.10.2020 (006)

Særutskrift:

STARTLÅN OG TILSKOTT TIL ETABLERING/TILPASSING

Generelt om ordninga

Startlån skal bidra til at personar med langvarig bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein egna bustad og behalde den, jf. [Forskrift om lån fra Husbanken, §5-1](#). Startlån er behovsprøvd og kan gis til enkeltpersonar til kjøp av bustad, utbetring/tilpassing, oppføring av ny bustad og refinansiering av dyre lån dersom det bidreg til at husstanden kan behalde bustaden. Bustaden skal vere nøktern, rimeleg og egna for husstanden sitt behov. Kommunen kan bruke startlånet til å fullfinansiere eller som topplån der private eller Husbanken gir grunnfinansieringa. Kommunen skal vurdere om samfinansiering kan oppnås. Søkaren må ha evne til å betene lån over tid og samtidig ha nødvendige midlar igjen til livsopphald.

Startlån er ikkje ei lovpålagt ordning, men dei fleste kommunane tilbyr dette i dag. Kommunane tek opp lån hos Husbanken, som forvaltar ordninga på vegne av staten. Det er kommunane som har ansvar for å tildele og forvaltning av startlåna i eiga kommune. Vestnes kommune har avtale med Lindorff om forvaltning av startlån.

Kommunen har pr. 1. september 58 aktive startlånsaker.

Vi ser at etterspørselen etter startlån følgjer konjunkturane i arbeidsmarknaden.

Oversikt over startlån og tilskott 2015 - 2019

	2015	2016	2017	2018	2019
Søknadar om startlån	21	15	12	25	23
Innvilga	10	4	4	10	10
Avslag	8	8	6	9	7
Ikkje gjort vedtak*1)	3	3	2	6	6
Søknadar om tilskott til etablering	1	6	3	4	10
Innvilga	1	5			1
Avslag *2)		1	3*	4*	9*
Søknadar om tilskott til tilpassing		3		1	
Innvilga		1		1	
Avslag		2			

*1) Manglande vedtak kan t.d. skuldast at søker ikkje har levert den dokumentasjonen som trengst for å behandle søknaden.

*2) Ved elektroniske søknadar om startlån søker ein i tillegg automatisk om tilskott til etablering. Dei fleste avslag på tilskott til etablering skuldast at søkar ikkje er i målgruppa, søkar kan likevel vere i målgruppa for startlån.

Grunngjeving for avslag

Dei fleste avslag på startlån er grunngjeve med at søkar ikkje har tilstrekkeleg økonomi til betene lån og samtidig ha nok til livsopphald. I enkelte saker er søkar i ein uavklart situasjon kring inntekt som gjer det er vanskeleg å vurdere framtidige inntekter. Eksempel kan vere søkarar som mottek arbeidsavklaringspengar i påvente av søknad om uføretrygd, i slike saker har kommunen gitt avslag.

I saker kor budsjett går i underskott er kommunen pliktig til å fraråde opptak av startlån, jf. [§ 47 i Finansavtaleloven om frårådingsplikt](#). Dersom underskottet er ubetydeleg har kommunen innvilga startlån.

Avslag på søknadar om tilskott til etablering eller tilpassing er normalt at dei ikkje kjem inn i målgruppa som økonomisk vanskelegstilt, og at dei kan erstatte tilskott med startlån.

Tildelingskriteria

Kommunen hadde fram til februar 2015 egne retningslinjer for tildeling av startlån. Retningslinjene blei oppheva og erstatta av sentral forskrift – sjå [kommunestyresak PS 7/2015](#). I tillegg vart det vedteke at alle saker over kr 500.000 skulle behandlast av formannskapet. I økonomireglementet, som skal til behandling i kommunestyret 15. oktober 2020, er det foreslått at administrasjonssjefen får mynde til å behandle alle søknadar, uavhengig av sum.

Fram til 01.01.2020 har Husbanken hatt egne retningslinjer og rettleiarar for tildeling av tilskott til etablering og tilskott til tilpassing. Tilskotta er no heimla i [Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot \(bustøttelova\)](#). Frå 01.01.2020 får kommunen tilskotta tildelt via rammeoverføringane frå staten. Kommunen må utarbeide egne retningslinjer for tildeling av tilskott til etablering og tilskott til tilpassing. Det er naturleg å ta utgangspunkt i retningslinjene frå Husbanken når kommunen skal utarbeid egne.

Frå 01.01.2020 er startlån heimla i [Forskrift om lån frå Husbanken, kapittel 5](#), denne forskrifta erstattar Forskrift om startlån fra Husbanken frå 01.04.2014. Regelverket er ikkje endra, men dei ulike lånetypene i Husbanken er samla i ei forskrift. I tillegg har kommunen [Veileder for lån fra Husbanken](#) som arbeidsverktøy.

Hovudkriteriet for tildeling av startlån vil vere at ein er i målgruppa for startlån eller tilskott. Ein må ha økonomi til å betene lån og samtidig ha nok til livsopphald. Tilskotta blir tildelt etter ei økonomisk behovsprøving ut frå søker sin økonomi. Kommunen skal gjere ei forsvarleg vurdering og startlånet kan ikkje overstige bustaden sin verdi. Alle søkarar får ei individuell behandling/behovsprøving.

Organisering av saksbehandlinga

Ein søker startlån eller tilskott elektronisk via Husbanken.no. Sakene blir behandla i Husbanken sitt saksbehandlingssystem Startskudd, der systemet tek høgde for inntekter og utgifter basert på gitte opplysningar.

Saksbehandlar i kommunen førebur saker og legg dei fram for kommunen sitt Fagrådet for startlån for diskusjon. I fellesskap kjem ein fram til ein konklusjon. Saksbehandlar gjer enkeltvedtak etter delegert mynde frå administrasjonssjefen. Fagrådet har fire medlemmar og består av saksbehandlar for startlån, gjeldsrådgjevar frå NAV (siste to år), saksbehandlar frå servicekontoret og representant frå administrasjonssjefen. Rådet har behandla saker i snart 10 år og har møte kvar 3. veke.

I saker kor søknadssummen er over kr 500.000 har saksbehandlar førebudd saker, tatt dei opp til vurdering i Fagrådet for startlån, før dei blir presentert med ei innstilling for formannskapet. Formannskapet gjer endeleg vedtak.

Det er formannskapet som er klageinstans for startlån og tilskott til etablering/tilpassing i kommunen.

Opplån frå Husbanken til vidare utlån

Kommunen sine opplån er basert på erfaringstal med tidlegare utlån. I perioden 2015 – 2019 har kommunen lånt 13 mill. frå Husbanken. Låna blir gitt som fysiske lån med renter/avdrag etter gjeldande vilkår i Husbanken (ikkje låneramme).

I 2020 har kommunen låne 4 mill etter ordinar søknadi Husbanken. I tillegg har kommunen gjort eit ekstra låneopptak på kr 8 mill for å vere førebudd på ringverknadane av koronasituasjonen, [ref sak PS-38/20](#). Det er kommunestyret som godkjenner alle opptak av startlån frå Husbanken. Frå 2020 skal låneopptaka innarbeidast i kommunen sitt investeringsbudsjett.



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 20/00019-1
Saksbehandler Jane Anita Aspen

Utval	Møtedato	Utvalsak
Vestnes kontrollutval	19.10.2020	

Driftsrapport 1. halvår 2020

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonssjefen om ved rapportering også gje ei årsprognose for investeringsbudsjettet.

Kontrollutvalet oppmodar til at det ved kvartalsrapporteringane vert nytta obligatoriske rekneskjema, der det også vert lagt inn ei kolonne for prognose.

Bakgrunn

Med heimel i kommunelova § 23-2 1. ledd bokstav a), skal kontrollutvalet påsjå at kommunen sitt årsrekneskap blir revidert på en trygg måte.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

- Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*
- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
 - b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
 - c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

For at kontrollutvalet skal kunne utføre denne oppgåva, er det naudsynt at utvalet er orientert om den økonomiske utviklinga gjennom heile rekneskapsåret.

Kommunelova § 14-5 Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.

I Vestnes kommune sitt økonomireglement står det at «Vestnes har tre årlege rapporteringar til kommunestyret, for kvart kvartal, og i tillegg årsrapporten.

Kvartalsrapportane skal innehalde:

- Økonomi, drift og investering
- Sjukefråvær
- Befolkningsendring (dersom oppdaterte tal er klar)
- Oppfølging av politiske vedtak
- Tilsyn
- Finansforvaltning
- Evt. andre vesentlege avvik eller forhold kommunestyret bør få opplysningar om.

I kvartalsrapportane skal det være med oversikt over framdrift, forbruk og opplysning om evt. forventa avvik på dei einskilde investeringsprosjekt.»

Kommunestyret behandla i møte 15.10.20 Økonomi og finansreglement for 2020-2024. Men denne rapporten er lagt fram etter gammalt reglement.

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkesskommuner -

§ 8 Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget

Rapportene om finans- og gjeldsforvaltningen til kommunestyret eller fylkestinget skal inneholde en beskrivelse og vurdering av kommunens eller fylkeskommunens finansielle risiko og avkastning, sammenholdt med målene og kravene i finansreglementet. Rapportene skal også inneholde en beskrivelse og vurdering av eventuelle vesentlige endringer i markedet og i kommunens eller fylkeskommunens finansielle risiko. Rapportene skal også opplyse om eventuelle avvik mellom kravene i finansreglementet og den faktiske forvaltningen, og hvordan avvikene er håndtert.

Rapportene skal

- a. vise hvordan de finansielle midlene er sammensatt og markedsverdien av dem, både samlet og for hver gruppe av midler*
- b. vise hvordan de finansielle forpliktelsene er sammensatt og verdien av dem, både samlet og for hver gruppe av forpliktelser*
- c. opplyse om de finansielle forpliktelsenenes løpetid, og om verdien av lån som forfaller og må refinansieres innen 12 måneder*
- d. opplyse om aktuelle markedsrenter og kommunens eller fylkeskommunens egne rentebetingelser*

e. opplyse om forhold som kommunestyret eller fylkestinget har stilt krav om at det skal opplyses om.

Vurdering

Kommunestyre i Vestnes behandla driftsrapport pr. 1. halvår 2020 i møte 17.9.2020.

Viser til vedlagt saksframlegg frå administrasjonssjefen.

Administrasjonssjefen skriv; « Samla er vår vurdering pr. i dag at det ligg an til eit meirforbruk på 10,0 til 12,0 i år.

Det vert ikkje foreslått budsjettendringar, då det er mange usikre faktorar, m.a. lønnsoppgjer. Det vert opplyst at en vil kome tilbake med budsjettkorrigeringar i rapport pr. 3. kvartal.

Administrasjonssjefen skriv at ut frå vurderingar pr. i dag vert eksterne inntekter 4,8 mill. kr mindre enn korrigert budsjett. Det mest usikre er kor store skatteinntektene vert i år.

Det er i driftsrapporten antyda at drifta kan ligge an til eit meirforbruk på mellom 6,0 og 8,0 mill. kr i år.

Finans- og gjeldsrapporten inneheld oversikt over lån og renter og status for korleis kommunen sine finansielle midlane er samansett og marknadsværdien av desse. Informasjon om kommunen sin aktivaforvaltning har mangla i tidlegare finans- og gjeldsrapportar, men dette er no også på plass. Det kjem fram i rapporten at Vestnes kommune pr. i dag ikkje har aktiva til langsiktig forvaltning. Eventuell overskotslikviditet blir ståande på konsernkonto som er renteberande.

Det kjem fram at gjeldande finans- og gjeldsreglement ikkje er tilpassa situasjonen kommunen har i dag med stort byggjelån, som etter kvart skal bli eit stort annuitetslån for kommunen. Finans og gjeldsreglementet vil bli revidert i løpet av 2020, kjem det fram i rapporten. Sekretariatet er kjent med at økonomi og finansreglement for 2020-2024 er til behandling i kommunestyret 15.10.2020.

Administrasjonssjefen skriv i driftsrapporten at mange investeringsprosjekt ikkje er starta opp eller berre så vidt er kome i gang. Rapporten inneheld status for einskilde investeringsprosjekt pr 15.08.20, det er lagt inn merknader knytt til framdrift. Det er også tre investeringsprosjekt som er omtalt særskilt i rapporten.

Sekretariatet vil gjere merksam på kommunelova sitt krav om realisme i budsjetteringa, og administrasjonssjefen si plikt til å føreslå endringar i årsbudsjett, dersom utviklinga tilseier vesentlege avvik i forhold til vedtatt budsjett. Dette gjeld også investeringsbudsjettet. Sekretariatet finn ikkje at det er omtalt noko årsprognose, det er difor vanskeleg å vurdere om det er venta vesentlege avvik knytt til investeringsbudsjettet.

Kommunelova §14-15, 3. ledd seier; *Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet.*

Slik sekretariatet vurderer det, så rapporterer administrasjonssjefen i forhold til kravet om tal på rapporteringar, og det vert rapportert om utviklinga i inntekter og utgifter. Det som sekretariatet vurderer skortar litt på, er rapportering samanholdt med årsbudsjettet. Det hadde vore ei føremon om det også ved kvartalsrapporteringane hadde vore nytta obligatoriske rekneskapskjema, samanholdt med ei kolonne for prognose. Sekretariatet meiner dette hadde vore til hjelp for politikarane i arbeidet med å følgje med på utviklinga.

KONKLUSJON

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet oppmodar administrasjonssjefen om også gje ei årsprognose for investeringsbudsjettet ved rapportering, slik det vert gjort for inntekter, utgifter og drift.

Sekretariatet vil også rå til at det ved kvartalsrapporteringane vert nytta obligatoriske rekneskjema. Det kan då leggst inn ei kolonne for prognose

Vedlegg

Driftsrapport pr. 1. halvår 2020 (3)

Særutskrift:



Saksframlegg

Arkivsak-dok.	20/00690-16
Saksbehandler	Magne Værholm

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Driftsrapport pr. 1. halvår 2020

Administrasjonssjefen si innstilling:

1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 1. halvår 2020 til orientering.
2. Vestnes kommunestyre godkjenner oppfølging av politiske vedtak skissert i saksutgreiinga pkt. 9.

Saksopplysninger

1. Innleiing

Økonomiplan 2020 – 2023 og driftsbudsjett for 2020 (inkl. investeringsbudsjett) vart godkjent av kommunestyret i sak KST 144/19.

Økonomiplan og budsjett er oversendt til Fylkesmannen. Sidan vi ikkje er innmeldt på ROBEK-lista treng vi ikkje godkjenning derifrå.

- I sak KST 18/20 vart det godkjent overført ubrukte løyvingar frå 2019 til 2020 (investering).
- Driftsrapport pr 1. kvartal vart godkjent i sak 27/20.
- Budsjettendringar for 2020 vart godkjent i sak KST 45/20.

2. Oppsummering pr. 1. kvartal 2020

Kort oppsummert vurderer vi den økonomiske situasjonen for 2020 som følgjer

- **Eksterne inntekter** vert 4,8 mill kr mindre enn budsjettert, Det er spesielt skatteinntektene, utbetaling frå havbruksfond og utbytte frå VEAS som vert mindre enn budsjettert.
- **Sjølve drifta** vert vurdert å få eit meirforbruk på mellom 6,0 og 8,0 mill. kr. Det same som vi antyda i driftsrapport for 1. kvartal. Det er spesielt innan pleie- og omsorg det ligg an til meirforbruk. Også utgifter vi har hatt i forbindelse med korona er høgre enn rekna med, og også høgre enn det vi har fått i ekstra overføring frå staten.
- Det vi må reknskapsføre i **avdrag** i år vert 3,2 mill. kr høgre enn budsjettert, men det klarer vi å dekke inn ved at rentenivået har gått mykje ned i år.
- **Lønsoppgjer for 2020** er enno ikkje ferdig. Vi har avsatt ein sum på 5,7 mill. kr til dette. I utgangspunktet rekna vi med at dette kanskje var i minste laget, men no reknar vi med eit moderat tillegg og det kan være at vi kan spare inn delar av denne summen.
- Dersom det vert lite lønstillegg og trygdeoppgjer kan også **pensjonsutgiftene** vert mindre enn det vi har budsjettert, dette får vi først oversikt på ved slutten av året.

- Samla er vår vurdering pr i dag at det ligg an til eit meirforbruk på 10,0 – 12,0 i år. Delvis har dette samanheng med koronapandemien der vi har fått ekstra kostnader utover det vi får i tilskott, og ikkje minst at skatteinntektene er redusert. Men det generelle driftsnivået vårt er også for høgt. Grunna korona-pandemi var det vanskeleg å planlegge og sette i verk sparetiltak før ferien. Arbeidet er no starta opp.
- Eit moderat lønsoppgjer no i haust kan gje ei innsparing på avsatt pott til lønsoppgjer, og pensjonsutgiftene kan og bli noko mindre enn budsjettert av denne grunn. Dette vil redusere sum antyda ovanfor. I driftsrapport for 3. kvartal vil vi kunne gje bedre informasjon om dette.
- I tilfelle vi får «underskott» på drifta i år må dette dekkast inn ved bruk av det vi enno har på disposisjonsfond, 8,3 mill. kr.
- I sak KST 45/20 vart det gjort budsjettendring. Vi foreslår ikkje endringar no då det er mange usikre faktorar, m.a. lønsoppgjer, kjem tilbake med det i rapport pr. 3. kvartal.

Sparetiltak

- Administrasjonssjefen arbeider med å førebu sparetiltak, her vil alle einingar bli bedt om å komme med framlegg om tiltak dersom ramma vert redusert med 4 %. Både tiltak og konsekvensar skal utgreiast. Administrasjonssjefen vil ta ROS-analyse på tiltaka. Dette arbeidet startar opp no og vi vonar å ha framlegg klart slik at det kan orienterast om dei i dialogmøta i oktober og i driftsrapport pr. 3. kvartal.
Dei fleste av tiltaka vil nok først få virkning frå 2021, men tiltak som ikkje krev politisk behandling kan og settast i verk tidlegare.
- Omlegging av ein del turnusar kan gje innsparing i år. Det har vore ein del turnusar som har visst seg i praksis å være meir kostbar enn først rekna med.
- Alle stillingar som vert ledig prøver ein så langt det er mogeleg å la stå vakant.
- Symjebassenga i kommunen kan bli stengt ut åra, det vil gje innsparing både energiutgifter, vaktmesterteneneste og ekstra reinhald som ein må ha grunna korona.
- Eit av sparetiltaka i 2021 kan bli at dei sju institusjonsplassane i aktivitetsbygget skal stå tom, For å få til dette må ein starte nedtrappinga i haust. Men akkurat no er det ekstra stor pågang på institusjonsplass slik at det er vanskeleg å klare.

3.0 Driftsbudsjett 2020

3.1 Driftsinntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2019	Korrigert Budsjett 2020	Prognose 2020	Avvik
Statlige overføringer	-			
Skatt og inntektsutjamning	200 330	199 776	198 000	-1 776
Rammeoverføring	179 780	197 400	197 600	200
Vertskommunetilskott	104 750	105 500	105 000	-500
Ressurskr. brukarar	34 894	36 000	36 000	0
Integreringstilskott	11 708	10 500	10 500	0
Havbruksfond	3 218	8 000	7 000	-1 000
Komp eldreutb/skule m.m.	1 564	1 500	1 500	0
Sum statlege overføringer	536 244	558 676	555 600	-3 076
Eigedomsskatt	19 711	20 500	20 000	-500
Utbytte VEAS	4 900	4 700	3 500	-1 200
Sum andre inntekter	24 611	25 200	23 500	-1 700
Sum eksterne inntekter	560 855	583 876	579 100	-4 776

- Ut frå vurderingar pr. i dag vert eksterne inntekter 4,8 mill. kr mindre enn korrigert budsjett.
- Skatteinntektene er då nedjustert til siste signal frå regjeringa.
- Elles er det utbetaling frå havbruksfondet som vert noko mindre enn budsjettet, det samme utbytte frå VEAS.
- Det mest usikre her er kor stor skatteinntektene vert i år.

Skatt- og inntektsutjamning

- Skatt- og inntektsutjamning var 200,3 mill. kr i 2019.
- Det var budsjettert med 203,7 mill. kr i 2020 ein auke på 1,7 % frå 2019. Helt i tråd med sentrale signal.
- I kommunestyremøte i juni vart skatteanslaget redusert til 199,8 mill. kr, grunna forventa redusert skatteinngang som følgje av Korona, dvs. om lag det same som vi fekk i 2020.

Skatteinngang pr. juli 2020

Eit av tiltaka som vart gjort når korona-viruset kom var at innbetaling av 2. termin forskuddskatt vart utsatt. Difor er det vanskeleg å samanlikne innbetalt skatt pr. 1. halvår i år mot samme periode i 2019. Mai er redusert, men juli er derimot auka.

Ser vi skatteinngang pr. juli bør det vise nokolunde rett resultat.

Skatt- og inntektsutjamning fram til juli har vore som følgjer:

År	Januar	Februar	Mars	April	Mai	juni	juli	Sum skatt pr juli
2 020	25 330	930	32 645	1 109	32 046	1 811	25 963	119 834
2 019	24 611	1112	32 141	1633	36 525	1 007	23 769	120 798
Diff.	719	-182	504	-524	-4 479	804	2 194	-964

Alle tal i 1000 kr

Pr. juli er sjølve skatteinntektene 94,6 % av landsgjennomsnittet.

- Regjeringa reknar no med at skatteinntektene vert redusert med 1,4% frå 2019. For Vestnes kommune vil då skatt- og inntektsutjamning bli 198,0 mill. kr, og i prognosen bruker vi dette anslaget. Det er 1,8 mill. mindre enn korrigert budsjett.

Det er nok ein del usikkerheit rundt størrelsen på skatteinntektene i år, og først når vi får tala for november vil vi ha sikker prognose.

Reduksjon i skatteinntekter, grunna korona-pandemien, har ikkje vore så stor som vi frykta tidlegare i år. Vi er spendt på korleis det utviklar seg utover hausten.

- Dersom nedgangen vert høgare i 2. halvår forventar vi at regjeringa kjem med meir overføring til kommunane, t.d. i statsbudsjettet.

Rammeoverføring

I budsjettet for 2020 budsjetterte vi rammeoverføring slik som oppgitt i statsbudsjett m/endingar. Normalt er det få endingar i rammeoverføringane i løpet av året, men i år har det vore mange endingar grunna korona pandemien.

Kommunane har fått fleire og ulike tilskott som skal dekke ekstrakostnader/tapt foreldrebetaling. I tillegg også tilskott til ekstra vedlikehald som kommunane skal bruke til å auke sysselsettinga.

- Pr. i dag ligg vi an til å få 197,6 mill kr.

Endringane frå budsjettet vart vedtatt gjeld følgjande:

	Sum
Opprinneleg budsjett 2020	186 400 000
Tilskott tappt foreldrebetaling	1 050 000
Krisepakke 3, korona	4 747 000
Ekstra skjønsmidlar, korona	487 000
Ekstra tilskott flomsikring vår 2020	260 000
RNB - utsatt overføring skatteoppkreving	606 000
Tilskott til ekstra vedlikehaldsarbeid	3 000 000
RNB -diverse endringar m.m.	1 091 000
Sum rammeoverføring 2020	197 641 000

I tillegg til dette har vi fått kr 1.625.000,- i ekstraordinær tildeling til næringsfondet.

Tilskott til tappt foreldrebetaling

Når tilskottet kom var det rekna med stengte barnehagar i 1 månad, perioden vart noko lenger og Vestnes held barnehagane stengt ei veke ekstra også.

Tilskottet dekkjer ikkje all tappt foreldrebetaling, vi har hatt følgjande tapte foreldrebetaling:

Barnehagane	1 132 000
SFO	470 000
Kulturskulen	390 000
	1 992 000

Regjeringa sin 3. krisepakke

Stortinget behandla 31. mars regjeringa sin 3. krisepakke, fleire av tiltaka har betydning for Kommunesektoren.

- **Stortinget understreka at kommunane og fylkeskommunene skal kompenseres for virkningen av skattesvikt, inntektsbortfall herunder kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling og merutgifter i forbindelse med koronapandemien.**

Føresetnaden for denne krisepakka var m.a. å gje kommunesektoren større trygghet for at den samla kommuneøkonomien for 2020 skulle bli sikra, som vil gjere det enklare å planlegge og opprettholde tjenestetilbud til innbyggerne i ei krevande tid.

- **Vestnes kommune fekk vel 4,7 mill. kr.**
- **Ut frå det vi ser i dag trur vi at tilskottet ikkje dekker alle tapte inntekter og auka utgifter. Spesielt ser skatteinntektene ut til å bli redusert meir enn det som tilskottet dekker.**
- **Vestnes har hatt lite utbrudd av korona og alt vil avhenge av om det vert fleire utover i året. Vert det smitte og større utbrudd spesielt innan pleie og omsorg kan utgiftene verte ekstra store.**

Ekstra flomsikring våren 2020

Grunna fare for ekstra stor flom i vår vart det gitt tilskott frå staten til flomsikringstiltak. Vestnes søkte og fekk kr 260.000,-.

Tilskott til ekstra vedlikehald

For å auke aktiviteten att etter koronakrisen har regjeringa avsett 2,5 milliardar til vedlikehald og rehabilitering av bygg og anlegg i kommunane.

Vestnes fekk 3,0 mill. kr.

I sak KST 47/20 fordelte kommunestyret med 1,0 mill. kr til eigedomsavdelinga, og 2,0 mill. kr til tekniske tenester.

Viser til nemnde sak der det meir detaljert opplyst kva tiltak tilskottet skal brukast til.

Ressurskrevjande tenester

I 2019 fekk vi 35,0 mill. kr i tilskott til ressurskrevjande tenester.

Opprinneleg var det budsjettert ei inntekt her på 32,0 mill. kr i år. Dette vart i sak KST 35/20 – budsjettendringar auka til 36,0 mill. kr. Budsjetttramma til bu- og habiliteingstenesten vart auka tilsvarande.

- **Tilskottet, og dermed utgiftene, kan også bli høgre enn dette i 2020 grunna at det er fleire brukarar og ein del av dei får også større ressursbruk i år enn tidlegare. Alle innanfor bu- og habiliteringstenestene. Dette kjem vi tilbake til i seinare driftsrapport.**

Havbruksfondet

Det vert frå 2022 ny ordning for utbetaling frå havbruksfondet, tidlegare var det utbetaling anna kvart år og då ein viss andel av inntekter frå sal av konsesjonar.

No vert det lagt opp til ei ordning med årlege utbetalingar, og meir forutsigbar sum.

- **For 2020 skal kommunesektoren få 2,25 milliarder og i 2021 1,0 milliard. Det betyr ca 7,0 mill. kr til Vestnes kommune i år.**

Integreringstilskott

Det er budsjettert 10,5 mill. kr.

Det er her føresett at vi tek imot 16 flyktningar i år slik IMDi har anmoda om.

Dersom dei 16 kjem, kan introduksjonstilskottet bli på 11,5 mill.

Regjeringa har vedtatt, og IMDi har formidla, at busetting skal skje no, i august – september.

IMDi har også formidla at talet kan bli lågare enn det dei tidlegare har anmoda om.

- **Dersom det kjem færre flyktningar vert tilskottet mindre, kan og bli under det budsjetterte.**

Utbytte frå VEAS

- **Vart 1,2 mill. kr mindre enn budsjettert.**

3.2 Driftsutgifter

3.2.1 Nokre nøkkeltal

Tal pr. 1. halvår	2017	2018	2019	2020
Nto. forbruk av årets netto driftsbudsjett	49,0	48,8	48,1	47,8
Lønsutbetaling i % av netto driftsbudsjett	42,1	42,7	43,3	42,3

Eining	Alle tal i 1000 kr	Rekneskap pr. 1. halvår	Budsjett 2 020	Forbruk i % 2 020	Antyda meir/mindreforbruk
Politisk verksemd		3 520	7 007	50,2	Balanse
Sentraladm./servicektr./fellesutg.		22 111	41 304	53,5	+ 0,5 - 1,0 mill. kr
Grunnskule		40 768	85 437	47,7	+ 0,5 - 1,0 mill. kr
Barnehage		21 623	46 505	46,5	Balanse
Kulturskulen, kultur og fritid		8 258	16 422	50,3	Balanse
Vaksenoppl. og flyktningetenesta		5 299	9 477	55,9	Balanse
Barn, ungdom og familie		9 865	21 706	45,4	Mindreforbr. 0,5 - 1,0 mill. kr
Barnevern		7 040	14 500	48,6	+ 1,1 mill. kr
Helse, omsorg og velferd *		69 179	146 163	47,3	+ 4,0 - 6,0 mill. kr
Bu- og habiliteringstenestene		66 436	138 716	47,9	Balanse
Eigedomsdrift		347	3 986	8,7	Balanse
Teknisk sektor		7 209	18 121	39,8	Balanse
Kjøp tenester Tremek		1 895	2 420	78,3	Balanse
Sum driftsutgifter		263 550	551 764	47,8	

* Budsjett eks. tilskott til ressurskr. tenester, 36,0 mill. kr

- Forbruket i prosent av netto driftsbudsjett pr. 1. halvår er noko mindre i år enn siste åra. Men forbruket er noko høgre enn det som vi reknar som normalt etter 1. halvår.
- Det er antyda at drifta kan ligge an til eit meirforbruk på mellom 6,0 og 8,0 mill. kr i år.
- Som ein ser av kommentarane nedanfor er det ein del forhold som er usikker og som kan påverke resultatet negativt. Nemner m.a. sal av Skorgen skule og mykje vi må utgiftsføre her, og kor mange elvar ved Gjermundnes vidaregåande skule som må ha betalt hjelp frå kommunen etter skuletid.

3.2.2 Nokre kommentarar til drifta

Politisk styring

Stort sett i balanse, og vil ikkje få store avvik frå budsjett.

Sentraladm. og fellesutgifter

- Sparetiltak på kr 350.000,- var føreslått inndecka ved at det ikkje vert tatt inn minst mogeleg vikar ved sjukefråvær og vakansar. Dette tiltaket klarer vi ikkje å dekke inn.
- Utgiftene til korona tiltak vert noko høgare enn budsjettet.
- Det har også komme ein del ekstra kostnader som vi ikkje hadde rekna med tidlegare.
- I sak KST 26/20 gjorde kommunestyre følgjande vedtak:
 1. Vestnes sel tidlegare Skorgen skule (gnr 28 bnr 5) til Skorgen Vel for kr 1. Før salet vert gjennomført skal busslomma skiljast ut frå eiegen.
 2. Det leggst fram positivt årsmøtevedtak frå Skorgen Vel før salet finn stad.

Dette vert rekna som tilskott i form av «vederlagsfri overdragelse av anlegsmidler» og vi må utgiftsføre verkeleg salsverdi i driftsrekneskapen og tilsvande inntektsføre i investeringsrekneskapen. I praksis betyr det at driftsresultat vert tilsvarende svakare i år.

salet vert formelt gjort i løpet av hausten og vi får tatt takst på eiegen. Taksten vert då å utgiftsføre i driftsrekneskapen.

Vi kjem tilbake med kva sum det vert i driftsrapport for 3. kvartal.

- **Så langt vi vurderer pr. i dag kan det verte eit meirforbruk på 0,5 – 1,0 mill. kr på fellesutgiftene (ikkje medrekna sal av Skorgen skule).**

Grunnskule

Grunnskulesektoren hadde eit meirforbruk på vel 1,7 mill. kr i 2019. . Har hatt meirforbruk siste 4 år. Vi prøver å få drift som er innanfor tildelt budsjetttramme, men einingsleiarane gjev oss klar tilbakemelding om at det er fagleg uforsvarleg å redusere meir enn det som er gjort.

I driftsrapport pr. 1. kvartal antyda vi at skulane ville få meirforbruk. No ser det ut til at skulane kan holde drifta innanfor budsjetttramma. Nemner m.a. at vikarinntak er kraftig redusert i 2. kvartal, truleg at skulane var stengt i ein lengre periode. Nemner at sjukevikarutgiftene var kr 935.000,- i 1. kvartal og 431.000,- i 2. kvartal.

Fellesutgiftene vert noko høgare enn budsjettet, m.a. utgifter for elevar som er på spesialskele eller i fosterheim i andre kommunar.

Skyssutgiftene ser derimot ut til å bli noko mindre enn budsjettet, sjølv om dei aukar i haust når ungdomsskuleelevarne skal gå ved Tresfjord skule. Grunnen er nok at skulane var stengt i ein periode i vår grunna korona pandemien.

Når SFO var stengt i vår tapte skulane kr 470.000,- i foreldrebetaling. Det har dei fått kompensert.

- **Andyder eit meirforbruk på 0,5 – 1,0 mill. kr i grunnskulesektoren. Det er meir enn ei halvering av det vi antyda i 1. kvartals rapporten.**

Barnehage

Forbruket pr. 1. halvår ligg om lag som normalt.

Budsjett -20 for barnehagesektoren vart auka forholdsvis mykje, dette ut frå klare signal frå politisk hald om at alle skal få barnehageplass når dei ynskjer, sjølv om dei ikkje har formelt krav på det.

Tapt foreldrebetaling i dei kommunale barnehagane utgjer vel 1,1 mill. kr og det har barnehagane fått kompensasjon for.

- **Bør klare å holde budsjettet.**

Bu-og habiliteringstenestene

Budsjett -20 vart i sak KST 45/20 auka med 4,0 mill. kr, dette for å kompensere for auka utgifter grunna auka tenestetilbud til fleire ressurskrevjande brukarar. Statstilskott til ressurskrevjande brukarar vart auka tilsvarende.

Etter den tid er desse utgiftene auka enno meir, og også fleire brukarar. Vi kjem tilbake til ei budsjettkorrigering i 3. kvartalsrapport der det kan være aktuelt å auke både budsjett til eininga og også forventa tilskott til ressurskrevjande brukarar.

Det vert jobba med omlegging av turnus, noko som kan gje reduserte kostnader. Nemner spesielt at utgiftene til overtid er svært høg i eininga, dette håpar ein å få redusert ved turnusomlegging. I 1. halvår var overtida 2,1 mill. kr, samla i kommunen 4,3 mill. kr.

- **Når det vert komensert for ekstra utgifter til ressurskrevjande brukarar vurderer vi at eininga skal klare og holde seg innanfor budsjettramma.**

Barnevern

- **Prognosen frå Molde er eit meirforbruk på 1,1 millionar kroner i år.**

Buf

Eininga er i balanse og med eit mindreforbruk pr 1. halvår. Om drifta fortsett som no vil det her antageleg og i år bli eit mindreforbruk, men behovet for tenestene frå eininga kan auke og endre seg raskt.

- **Prognose er mindreforbruk på om lag 0,5 – 1,0 millionar kroner.**

Eigendomsdrift og tekniske tenester

Så langt vi vurderer det vil desse einingane holde budsjettramma. Nemner at energikostnadane er redusert mykje i år noko som gjev eigendomsdrift sparte kostnader.

Helse, omsorg og velferd

Helsevern (legesenter mv)

Eininga har mindreforbruk pr 1. halvår. Dette skuldast delvis at faktura for 2. kvartal frå legevaktsamarbeid mv ikkje enno er ført.

- Sjølv etter at vi tek omsyn til denne er eninga i balanse og **årsprognosen er balanse.**

NAV kommune

Det har vore ei sterk auke i utgiftene til økonomisk stønad (sosialhjelp) i 1. halvår 2020. Dette skuldast i hovudsak endringar i regelverket knytt til Arbeidsavklaringspengar, der fleire etter 2019 har mista retten til dette og må få sosialhjelp i staden.

Om lag 0,25 millionar kr av auken kan pr no direkte tilskrivas konsekvensar av corona, men her er det nok mørketal og indirekte konsekvenser som og aukar utgiftene ytterlegare.

Det er framleis stor arbeidsløyse i Vestnes som verkar inn, og vanskeleg å vite når arbeidsmarknaden vil vere tilbake i normalsituasjon. Situasjonen gjer det vanskelegare for NAV å få alle sine brukargrupper ut i arbeid.

- **Førebels årsprognose er eit meirforbruk på om lag 1,5 - 2 millionar kroner.**

Eining 410 Heimetenestene

Pr 1. halvår er eininga i balanse. Men budsjett til variabel løn i Heimesjukepleien er nær brukt opp allereie og her vil det kome på eit meirforbruk på minimum om lag 0,5 millionar kroner. Om dette kan inndeckast i andre ansvar er usikkert og tvilsamt. Og i år er eininga avhengig av innleige av arbeidskraft til ferieavvikling og dette i noko større omfang enn det som er budsjettet. Her vil vi ha fullstendig oversikt pr 3. kvartal.

- **Prognose pr no er meirforbruk på om lag 1 million kr, men dette kan bli høgre.**

Sjukeheimen / Tresfjord Trygdeheim

Eininga har eit meirforbruk på om lag 0,5 mill kr pr 1. halvår. Pr 1. halvår er dette særleg knytt til Tresfjord Trygdeheim. Og i denne eininga er variabel løn til ekstrahjelp og overtid oppbrukt og meirforbruk må påreknast. Likeeins er det og her usikkerheit knytt til evt ekstrakostnader ved ferieavviklinga, som først er klare pr 3. kvartal.

- **Årsprognose pr no er meirforbruk på om lag 1 - 1,5 millionar kroner.**

Hellandtunet

Eininga har eit meirforbruk pr 1. halvår på om lag 0,25 millionar kroner. Dette er knytt til behov for ekstrebehandling i periodar.

- **Prognose no er meirforbruk på om lag 0,5 - 1 millionar kroner.**

Fellesutgifter Pleie og omsorg

Refusjonen for ressurskrevjande brukarar er ført på dette ansvaret. Her er det budsjettet med 36 millionar kr for 2020. Det blir moglegvis noko meir i refusjon her enn det som er budsjettet. Øvrige ansvar i eininga har lite avvik.

- **Årsprognose Helse, omsorg og velferd samla er eit meirforbruk på om lag 4,0 - 6 millionar kr.**

Elevar ved Gjermundnes vidaregåande skule

som må ha ekstra bemanning utanom skuletida må no Vestnes kommune betale for.

Etter det vi kjenner til no gjeld det førebels 3 elevar, tilsaman ca 3,75 årsverk. For 2020 utgjer det kr 650.000,-, heilårskostnad 1,5 mill. kr. Dette er ikkje budsjettet og kjem som ein eksra kostnad

Lønssoppgjjer

Det var avsett 7,0 mill. kr til å dekke årets lønssoppgjjer og lønstillegg gitt hausten 2019. Lønnsforhandlingane haust 2019 var ikkje avslutta når budsjettet vart utarbeidd og difor ikkje innarbeidd i einingane sine budsjett. Dette utgjorde 1,3 mill. kr inkl. sos. utgifter.

Etter dette er det att 5,7 mill. kr til å dekke årets lønssoppgjjer. Det kan dekke eit tillegg på ca. 2,2 % frå 01.05.20.

Grunna korona utbruddet vart lønssoppgjeret utsatt til hausten, og er enno ikkje ferdig. Profilen på lønssoppgjjer vil og bety mykje for kor stor lønsauken vert. Vi har ei stor gruppe arbeidstakarar som er innanfor det som vert rekna som låglønsggruppa. Vert desse prioritert, som kan være rett, så vil det gje større tillegg for Vestnes enn ein gjennomsnittskommune.

I revidert nasjonalbudsjett føreset regjeringa at årets løns- og prisauke vil bli berre 1,4 %. Det betyr at det ikkje er rom for lønsauke i offentlig sektor i år, lønsoverheng frå 2019 vil ta alt. Ut frå resultat i lønssoppgjjer i privat sektor så langt vurderer vi at regjeringa sin føresetnad kan bli vanskeleg å holde, og det vert nok truleg også auke i offentlig sektor.

- Det er imidlertid uvisst kor stort lønstillegget vert og om avsatt sum er stor nok, eller at det kan være noko reserver her. Det kan være muleg at det kan være noko innsparing her.
- I driftsrapport for 3. kvartal vil vi ha sikre tal her, og ventar til då før vi evt. foreslår budsjettendringar.

Pensjonskostnadar

Auken i pensjonskostnadar har variert mykje frå år til år, avhengig av løns- og trygdeoppgjjer, og kor mykje som vert ført som premieavvik (overført til seinare års inndecking), samt økonomisk resultat for KLP.

Vi har ikkje noko påverknad på kor stor sum som skal utgiftsførast. Vi får avrekning frå KLP og Statens pensjonskasse.

Det er **utgiftsført** følgjande pensjonsutgifter siste åra:

År	Sum bokført	Auke frå året før
Rekneskap 2014	41 968	4,90 %
2015	45 940	9,50 %
2016	47 855	4,20 %
2017	48 676	1,70 %
2018	48 470	0,00 %
2019	49 999	3,15 %
Budsjett 2020	52 887	5,78 %

Pensjonskostnad som vi må utgiftsføre i 2020 vil i utgangspunktet auke ein del grunna stort premieavvik i 2018 og 2019.

Men dersom lønssoppgjeret og trygdeoppgjeret i år vert lågare enn tidlegare rekna med, vert reguleringspremien på framtidige pensjonsutbetalingar også lågare.

Sikre signal på pensjonskostnaden får vi først til hausten/ ved årsskiftet.

- Vi vurderer at budsjettert sum til pensjonskostnad skal holde, og dersom det vert mindre lønsauke i år kan det også ligge ein reserve her.

4. Renter og avdrag

Minimunsavdrag, minste sum vi må utgiftsføre som avdrag, uavhengig av kva vi betaler i avdrag, vert 2,7 mill. kr høgre enn budsjettert.

Årsak til dette er i hovudsak større investeringssum i 2019 enn rekna med, m.a. kom ein lenger med bygginga av Stella Maris enn rekna med når budsjettet vart utarbeidd. Vi må nemleg starte med utgiftsføring av avdrag året etter investeringa er bokført, sjølv om bygget ikkje er ferdig og vi ikkje er starta med å betale avdrag.

Renter, i utgangspunktet var det budsjettert med rente på 2,5% på lån som ikkje har fastrente. Renta har gått mykje ned i løpet av 1. halvår og vil forbli låg resten av året. På mange lån betaler vi no under 1,0 % rente. Dette vil gje mindre renteutgifter enn budsjettert.

- **Innsparte renter vil dekke meirutgiftene på avdrag. Renter og avdrag vil vert innanfor det budsjetterte.**

6. Investeringsbudsjett

Det er godkjent følgjande summar til investeringar i 2020:

KST 144/19 - Investeringsbudsjett 2020	kr 29.517.000,-
KST 91/18 - Helsehuset Stella Maris, budsjett 2020	kr 187.000.000,-
KST 18/20 - Overførte unytta løyvingar frå 2019	kr 17.443.000,-
FSK 27/20 – Kjøp av beredskapstilhengrar	kr 125.000,-
KST 41/20 – Innløyising av bustadtomt ved Tomrefjord skule	kr 1.200.000,-
KST 69/20 - Kariplassen ombygging av leilegheit	<u>kr 1.200.000,-</u>
Sum investeringsbudsjett 2020	<u>kr 236.485.000,-</u>

Pr. **15. august** er det utgiftsført 97,9 mill. kr i investeringsrekneskapen, av dette gjeld 73,1 mill. kr Helsehuset Stella Maris. Mange investeringsprosjekt er ikkje starta opp eller berre så vidt komme i gang.

Pr. 15.08.20 er status på prosjekta som følgjer:

	Regnskap 2 020	Budsjett 2 020	Rest	Merknader
1 IKT, hovudanlegget	737	1 160	423	Tråløst nett til alle einingar,
89 IKT samarbeid Romsdal	1 241	1 382	141	
92 PC', lærarar og elevar	124	300	176	Kjøp av resten i haust
103 Kjøp av beredskapstilhengar	125	125	0	Ferdig
146 Helland sentrum, sjøfront	17	0	-17	Ferdig
191 Sjøgata - opprusting	1 637	1 692	55	Mangler ei faktura, prosjekt ferdig, held budsjett
224 Misfjordskogen, utbyggjing av industriområde	1 047	1 200	153	Mangler faktura gatelys, ferdig og held budsjett
234 Ryddiing og avlevering av gamle arkiv	0	276	276	
291 Velferdsteknologi	0	695	695	
292 Legesenter, div utstyr	30	112	82	Vert kjøpt i haust
294 Kulturskulen, interaktiv nettstad	502	400	-102	
306 Kulturskulen - Planlegging av nye lokaler	199	150	-49	Ferdig
307 Trygghetsalarmer - utskifting	0	850	850	Utsett vert å sjå i lag med Stella Maris
308 Kontor kortidsavdelinga	0	600	600	Eigedomssavd. Ikkje kapasitet å gjennomføre enno
309 Hellandtunet - stoler og seng	181	200	19	Ferdig
310 Tomrefjord kunstgrasbane	0	1 800	1 800	Entreprenør valt utført i haust innafor ramma
311 Helland skule, inventar og utstyr	400	400	0	Ferdig
312 Telefoni - kommune TV	443	1 500	1 057	Overgang til mbilt bedriftsnett, arbeid pågår
499 Overvannsrør Liaråket-Gjerde	66	66	0	Ferdig
508 Myrateigen 17 - Tilspasning til beboer	144	979	835	Arbeidet går, delvis bruk av eige personale
512 Bustadfelt B1 Fiksdal og del av 75/5	1 915	1 305	-610	Sjå merknad
517 Sentralkjøkken - Rehabilitering 2020	99	5 000	4 901	Sjå merknad
518 Enøktiltak i flere bygg	92	500	408	Brukt til utskifting av lys/ventilasjon, varmpump.
519 Vestnes helse- og velferdssenter	73 109	187 000	113 891	Sjå merknad
520 Helland barnehage nedre, sovestall og utebod	391	917	526	Utebod ved Helland BH vert bygd i haust
527 Eigedomssdrift, lift	0	750	750	Vert kjøpt i haust
528 Maling/rehabilitering Myra-området	0	500	500	Arbeidet starta opp
530 Ringelegg, Senior Plaza	0	700	700	Sett i lag med SM, vert gjort i haust eller vår 21
535 Ombygging NAV-kontor	351	500	149	Meste gjort, held budsjett
536 Senior Plaza - møbler og gardiner	0	200	200	Utsatt, ser kva som vert ledig på sjukeheim
537 Eigedomssavdelinga - nye biler	569	700	131	3 bilar kjøpt, rest litt innreiing. Held budsjett
538 Steinrøysa - opparbeiding av uteområde	0	150	150	Sum skal overførast til prosjekt 543
539 Tresfjord barnehage - Uteområde	549	700	151	Ferdig, mangler noen fakturaer. Held budsjett
540 Vestnes ungdomsskole - bygging	334	1 912	1 578	Planlegging og prosjektering utover hausten
542 Kjøp tomt ved Tomrefjord skule	0	1 200	1 200	Sak KST 41/20, kjøpet avtalt gjennomført 01.02.21
543 Kariplassen, husvære ny brukar	0	1 200	1 200	Sak KST 69/20, oppstart litt usikkert enno
611 4. armen rundkj. prosjektering	1 507	4 457	2 950	Sjå merknad
618 Skogbrannutstyr	26	250	224	Vert kjøpt i haust
619 Grøntaksen, reguleringsplan	216	500	284	Vert arbeid med prosjektet
621 Gatelys på industriområde og kommunal veg	0	400	400	Vert gjennomført i haust
622 Busstopp m/venteskur Brastadstranda-Skorgev.	0	228	228	Vert laga busstopp i Brastad i tillegg kjøpt inn 3
623 MC og HC parkering, fortau v/hurtigbåtkai	0	295	295	bussskur som vert plassert ut etter behov
624 Ny bil Tekniske tenester	315	300	-15	Ferdig
625 Ny hovudplan for vassforsyning	0	150	150	Håper å starte opp i haust ned innleigd hjelp
626 Vaktbil brannvern	0	500	500	Vert kjøpt i haust
763 Asfaltering	1 627	2 000	373	Alt vert brukt
797 Buktavegen 2014	1 402	3 000	1 598	Berre småarbeid står att, litt innsparing
798 Avskjerande avløp sør for Vike kai	880	950	70	Ikkje helt ferdig
806 Fornyng avløp Nybø	41	41	0	Ferdig
824 Vikeelvbrua	719	1 000	281	Står att litt arbeid. Held budsjett
825 Stigebil brannvern, div utstyr	0	250	250	Div utstyr til stigebilen. Vert kjøpt i haust
826 Pumpestasjon Sjøgata	16	16	0	Ferdig
827 Avløp Syltelia	17	17	0	Ferdig
829 Reitbukta N - ny leidning	2 110	2 110	0	Ferdig
830 Reitbukta N - Slamavskiljar	300	300	0	Ferdig
940 Kjøp aksjar og andelar	2 282	2 600	318	Ferdig
	95 760	236 485	140 725	

Prosjekt 512 – Budsadfelt B1 Fiksdal

Her er budsjettert med utgift på 1,3 mill. kr, utgiftsført pr. i dag vel 1,9 mill. kr.

Kommunen skal koste avløpsanlegg og veg fram til slamskiljar.

Det er private aktørar v/Fiksdal Eigedom AS som er ansvarleg for kostnaden med opparbeiding av sjølve byggjefeltet, men kommunen står for arbeidet. Dei refunderer kostnaden etterkvart som arbeidet går fram, og det erno innbetalt 2,0 mill. kr.

Arbeidet går som planlagt, og sluttsummen for kommunen sin andel av kostnaden vert innanfor budsjett.

Prosjekt 517 – Sentralkjøkken, rehabilitering

Budsjett 5,0 mill. kr. Prosjekteringa er ikkje ferdig. Signal er at kostnaden vert høgre enn budsjettert, m.a. grunna utskifting av meir utstyr på kjøkkenet og bygging av to produksjonslinjer.

Det er ikkje avklart når arbeidet kan gjerast, kjøkkenet må då stenge og mat til institusjonane bli laga anna plass. Det er ikkje sikkert at arbeidet vert gjort før etter at Stella Maris er tatt i bruk.

Kjem tilbake med meir informasjon om forventa kostnad og byggjestart i seinare driftsrapport eller i kommunestyre når denne rapporten vert behandla. Evt. i ekstra sak i løpet av hausten.

Prosjekt 611 – 4. arm i rundkjøyringa

Delar av arbeidet er gjort, var avtalt pause med entreprenøren, arbeidet startar opp att no i haust.

Då vert rundkjøyringa og parkeringsplassen gjort ferdig.

Kor mykje som skal gjerast i tillegg av rasteplass og evt. oppstillingsplass for bubilar får ein komme tilbake til i budsjett 2021.

Kostnaden med det som vert gjort i år vert mindre enn budsjett.

7. Finans- og gjeldsrapport pr 1. halvår 2020


I følge Finans- og gjeldsreglementet, som vart vedtatt av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Rentemarknaden

Vi vil først orientere litt om status på rentemarknaden per 30.06.20. Rentemarknaden vart og svært påverka av coronakrisa frå midten av mars. Noregs Bank sette styringsrenta ned til 0%, noko som er det lågaste den nokon gong har vore. Bakgrunnen er at då samfunnet vart stengd ned og mange vart permittert/arbeidsledig, skapte dette store utfordringar både for bedrifter og privatpersonar. Det vil ta langt tid å kome tilbake til same økonomiske vekst som før krisa og signala frå Noregs Bank er at renta no vil halde seg låg i fleire år framover. Den 30. juni 2020 var NIBOR3M 0,36%, NIBOR6M 0,48% og 10-års swaprente 0,90%. Grafar og tabellar nedanfor gir ei nærare oversikt.

Flytande / «korte» renter (NIBOR)

INDEKS	SISTE	-1m	-3m
NIBOR3M	0,36%	0,28%	1,04%
NIBOR6M	0,48%	0,43%	1,01%



Nibor er ein rentebasis som norske bankar bruker ved lån seg imellom, for 1, 3 eller 6 månader. Nibor er ofte brukt som referanserente i ulike låneprodukt, til «flytande» rente. Lån knytta til Nibor har normalt eit marginpåslag frå banken. Til dømes er marginpåslaget frå Kommunalbanken pr dato på 0,60%, slik at eit lån frå dei den 30.06.20 knytt til NIBOR3M truleg vil få ei rente på 0,96 % (0,36% + 0,60%). -1m og -3m viser kva renta var for hhv 1 og 3 månader sidan.


Som vi ser har NIBOR-renta falt mykje. Tre månader før 30.06.20 var nibor-renta på 1,04%, medan den no er på 0,36%. Dette er litt opp frå tala ein måned før 30.06.20, då renta låg på 0,28%.

Forventa NIBOR-renter framover

Tabellen nedanfor viser forventa renter fram i tid (implisitte renter), basert på markedsdata på analysetidspunktet.

Indeks	Siste	Forventet om 1 år	Forventet om 2 år	Forventet om 3 år
NIBOR3M	0,36%	0,35%	0,48%	0,66%
Endring		-0,01%	0,12%	0,30%
NIBOR6M	0,48%	0,45%	0,58%	0,74%
Endring		-0,03%	0,10%	0,26%

Faste / «lange» renter (Swap)



LØPETID	SISTE	-1m	-3m
Swap 2Y	0,47%	0,40%	0,74%
Swap 3Y	0,53%	0,42%	0,75%
Swap 4Y	0,59%	0,46%	0,79%
Swap 5Y	0,66%	0,51%	0,83%
Swap 6Y	0,72%	0,57%	0,89%
Swap 7Y	0,77%	0,63%	0,94%
Swap 8Y	0,82%	0,68%	0,98%
Swap 9Y	0,86%	0,74%	1,03%
Swap 10Y	0,90%	0,79%	1,07%

Swaprenta er den faste renta i en rentebytteavtale. Bankane bruker denne renta som utgangspunkt for å prisa sine fastrenteutlån. Et fastrentelån har normalt i tillegg eit marginpåslag frå banken. Kommunalbanken har og her eit påslag på 0,60%. Ei lang fastrente på til dømes 10 år (10Y) er normalt høgare enn ei kortare fastrente på 3 år (3Y).

Grafane samanliknar korleis dei ulike rentene har endra seg frå analysedato (seinaste) og hhv. 1 og 3 månader tilbake i tid. Som vi ser har nivået på dei lange rentene korrigert seg noko opp igjen etter botn-nivået pr mai 2020. Som vi ser ligg renta den 30.06.20 mellom nivået som var 1 måned før og 3 månader før. Eit 10 års fastrentelån kunne 30.06.20 vore tatt opp med ei rente på 1,5%, noko som sjølvst er ekstremt lavt.

Status rentemarknaden:

Som nemnd over er signala frå Noregs Bank at styringsrenta og bankrentene skal halde seg låge i fleire år framover. Pr no antydar Noregs Bank at første renteheving vil kunne kome hausten 2022, men dette er sjølvst usikkert. Dette ser vi over at rentemarknaden har «prisa» inn i sine forventningar knytt til framtidig utvikling i NIBOR- rente.

Fallande renter vil i hovudsak vere positivt for kommunen sin økonomi då dette vil redusere renteutgiftene knytt til lån med flytande rente. Samstundes vil vi få noko mindre renteinntekter og rentekompensasjon som følgje av rentenedgangen.

Låneportefølje pr 1. halvår 2020

Långjevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrentevedkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	60 854 270	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	56 332 580	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	14 487 880	1,00	P.t. rente		2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	23 640 000	1,62	P.t. rente		2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	12 543 750	1,03	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	53 191 780	1,79	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	47 643 900	0,97	Nibor-3 mnd		2042
KLP kommunekreditt	46847		3 512 000	1,07	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		61 687 500	1,03	Nibor-3mnd		2043
KLP kommunekreditt	58643		67 298 467	1,84	Fast rente	25.05.2021	2043
KLP kommunekreditt	19626	29 460 000	28 858 766	1,00	P.t. rente		2044
Husbanken	14608740	6 450 000	1 156 045	1,62	Flytande		2024

Husbanken	14612696	1 205 000	260 759	2,02	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	4 601 786	0,64	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	336 917	1,45	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	659 130	1,09	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 073 037	0,82	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	8 142 165	0,82	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 408 328	0,82	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	1 779 959	1,09	Flytande		2040
Husbanken	Startlån	3 000 000	3 000 000	1,35	Flytande		2049
Husbanken	Startlån	8 000 000	7 544 284	1,09	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	4 000 000	4 000 000	0,86	Flytande		2050
			470 013 303				


Kommunalbanken	20190096	309 000 000	309 000 000	1,47	Grøn p.t		2061
----------------	----------	-------------	-------------	------	----------	--	------

- Lån til Stella Maris: Vi trekkjer opp byggjelånet i byggjeperioden fram til januar 2021. Når tilskot frå Husbanken mv er motteke vert dette brukt til å redusere lånebeløpet og lånet vert konvertert til eit ordinært serielån for kommunen sin del på 233,8 millionar kr og kor vi har førehandsbunde renta på 2,65% fram til 2029.
- Det er no teke opp lån til investeringar i 2020, samt til inndecking av meirforbruk ved renoveringa av Tomrefjord Idrettsbygg. Til saman utgjer dette om lag 30,5 millionar kroner. Lånet vert utbetalt medio juli 2020 og er såleis ikkje med i oversikt over. Blir tatt inn i rapport pr 3. kvartal.
- Vi har motteke lån frå Husbanken til vidareformidling (Startlån) på 4 millionar kr i 2. kvartal 2020. Tillegsslån på 8 millionar kroner er enno ikkje kome til utbetaling, men blir truleg utbetalt i 3. kvartal 2020.
- Om lag 120 millionar av gjelda er knytt til tiltak der vi har rentekompensasjon/-inndecking og evt avdragskompensasjon. Dette gjelder t.d Startlån og VAR- områda/sjølvkost.

Nøkkeltal:

	Pr. 30.06.20
Andel fastrente	26,2 %
Gj.snittleg bindingstid alle fastrentelån	0,62 år
Gj.snittleg rente på alle lån	1,45 %

- Del fastrente er noko redusert i 2020. Dette handlar om ei tilpassing til at vi i 2021 får eit stort lån der renta allereie er førehandsbunde. Ytterlegare to fastrenteavtalar går ut mai og juni 2021. I framtida ser vi for oss at lånet til Stella Maris blir fastrentekomponenten i vår gjeldsportefølje. Ved dagens fastrentelån pluss lånet til Stella Maris vil del fastrente ligge på om lag 59% fram til juni 2021.
- Vestnes kommune har ingen lån i sertifikat- eller obligasjonsmarknaden, og har difor ingen lån som treng refinansierast i løpet av dei neste 12 månadene.
- Det venta at gjennomsnittleg rente vil gå noko ned i tida framover når justeringstidspunkt vert nådd for alle våre lån. Gjennomsnittleg rente føregåande 12 månader var om lag 2%.

Låneformål:**Långivarar:**

Långivar:	Lånesum:	%-vis
Kommunalbanken	577 694 160	74,2%
KLP Kommunekreditt	161 356 733	20,1%
Husbanken	39 962 410	5,1%
Sum	779 013 303	100%

Aktivaforvaltning:

Vestnes kommune har pr i dag ikkje aktiva til langsiktig forvaltning. Eventuell overskotslikviditet blir ståande på konsernkonto som er rentebærande. Vestnes kommune har tradisjonelt sjeldan hatt mykje overskotslikviditet. Rentesatsen på konsernkontoen er i bankavtalen knytt til Nibor3m. Sjå foran for gjeldande rentesats. Opptente renteinntekter i 1. halvår 2020 knytt til dette er på **kr 282 035,-**.

Likviditet/arbeidskapital:

Vestnes kommune har ein trekkrettigheit knytt til vår konsernkonto på i alt 80 millionar kroner. I 2. kvartal 2020 har trekkrettigheiten vore benytta. Saldo på konsernkontoen er pr 30.06.20 **negativ med - 7,6 millionar kroner**. Ein årsak til dette er at vi tok opp lån til årets investeringar noko seinare enn normalt. Dette igjen grunna at vi ønska å få med vedtaket knytt til overskridinga ved Tomrefjord Idrettsbygg i låneopptaket. Vi får i juli innbetalingar på i alt 102,5 millionar kroner, knytt til byggjelån Stella Maris, låneopptak investeringar 2020 og tilskot til ressurskrevjande brukarar. Dette meiner vi vil rette opp situasjonen med omsyn til likviditet/arbeidskapital frå og med 3. kvartal 2020.

Finans- og gjeldsrapportering- konklusjon:

Gjeldande finans- og gjeldsreglement er ikkje tilpassa den situasjonen vi har i dag med eit stort byggjelån som etter kvart skal bli eit stort annuitetslån for kommunen. Dette vil no bryte med retningslinjer i reglementet om at enkeltlån ikkje skal utgjere meir enn 25% av porteføljen og både del fastrente og lengde på rentebinding vil heller ikkje vere i tråd med reglementet. Dette vil rette seg når byggjeperioden er over og vi går over i ein normalsituasjon. Finans- og gjeldsreglementet vil og bli revidert i løpet av 2020. Elles meiner vi at finans- og gjeldsforvaltninga i 1. halvår 2020 har vore i tråd med reglementet.

8. Endring i innbyggjartal 1. halvår

Innbyggjartalet auka med 17 i 1. halvår i år.

Det er ein trend at innbyggjartalet aukar 1. halvår og vert redusert 2. halvår hos oss.

Det er no 6 549, tilsvarande var det ved utgangen av 2019 6 548 innbyggjarar.

Innbyggjartalet er såleis stabilt.

Folketal 01.01.20	6 532	Endring 1. kvartal	Endring 2. kvartal	Endring 1. halvår 2020
Fødde		14	18	32
Døde		14	10	24
Fødseloverskott		0	8	8
Innvandring (frå utlandet)		4	4	8
Utvandring (til utlandet)		1	2	3
Nto. Innvandring		3	2	5
Innflytting innenlandsk		48	52	100
Utflytting innenlandsk		47	49	96
Nto innenlandsk		1	3	4
Netto endring i innbyggjartal 1. kvartal		4	13	17

Folketal 30.06.20	6 549
----------------------	-------

- Innbyggjartalet auka med 17 i 1. halvår, det er positivt. Tilsvarande var det ein auke på 12 i 2019.
- Det er også positivt med eit «stort» fødselsoverskott, det er lenge sidan vi har hatt. Det har samanheng med at er færre dødsfall i år enn vanleg, 24 i år mot 34 i 2019. I 2. kvartal i år døde det 10 mot 17 i 2019, kanskje betre reinhald og smittevern grunna korona tiltak?
- Det vart født 32 barn i 1. halvår mot 36 i 2019
- Tidlegare år er det ofte innflytting frå utlandet som er grunn til auke i innbyggjartal, i år med korona begrensingar er innvandring liten.
- I år er det redusert antall døde som er mykje av grunnen.

9. Oppfølging av politiske vedtak

Pkt 9, 10, 11 er utarbeidd av Kristian Skålhavn

Kommunestyret gjorde den 22. mai 2014 i sak 33/14, følgjande vedtak:

Rapportering som gjeld oppfølging av politiske vedtak blir heretter lagt til driftsrapportane til kommunestyret.

Politiske vedtak som ikkje er gjennomførte pr. august 2020:

Utval Saksnr	Kva saka gjeld	Status	Vidare framdrift
KST 21.06.18 Sak 45/2018	Legge fram sak om endra tilknytning til akuttsjukehus	Saka vart teke opp i ein interpellasjon frå SP og Frp. Ordførar og administrasjonssjef har hatt møte med Helse Møre og Romsdal om korleis vi evt. formelt kan endre tilknytning til akuttsjukehuset	Sak til politisk behandling haust/vinter 2020.
KST 15.11.18 Sak 72/2018	Kulturarvplan – Vestnes kommune 2019-2022	Adm.sj.skål innarbeide handl.del i budsjettet pkt 3: «KST vil kome tilbake til fullføring av bygdebokarbeidet».	Kommunestyret fann ikkje rom til dette i økonomiplanen 2020 - 2023
KST 20.06.19 61/2019	Interpellasjon frå Frp: Utarbeide enkel plan og kostnadsoverslag for å etablere bobilparkering på Kataholmen.	Kataholmen blir midlertidig brukt til riggplass og mellomlagring av massar bl.a. frå Sjøgata. Massane er tenkt gjenbrukt til 4. arma ved E39-rundkjøringa.	Detaljplan for området er under arbeid. Nytt moment i saka er at Sjøblomsten vert plassert på Kataholmen. Det er også under vurdering kva ein skal gjer med heile området. Saka er forventa ferdig i 2021.

Kommunestyret sitt skulevedtak av 12.desember 2019:

1. Ungdomsskulen på Helland blir renoverert og samanbygd med Helland barneskule. Ungdomsskulen skal nyttast som felles ungdomsskule for heile kommunen, skal ha eigen administrasjon og såleis vere administrativt skilt frå barnetrinnet.
2. Helland skule skal nytte Tresfjord skule i rehabiliteringsfasen av ungdomsskulen. Elevane ved Helland ungdomsskule flyttar til Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) frå skuleåret 2020/2021. Elevane ved Tresfjord oppvekstsenter nyttar Helland skule i byggeperioden.
3. Administrasjonssjefen får fullmakt til å starte arbeidet med forprosjekt og engasjere prosjektleiar/firma til å bistå med dette. Byggeprosjektet skal gjennomførast som ei samspelentreprise.
4. Tomrefjord skule skal renoverast. Arbeidet kan ta til når felles ungdomsskule er etablert og elevane er overførte dit.
5. Vedtak om framhald eller nedlegging av Tresfjord og Fiksdal skular vert teke når ny ungdomsskule er nær realisering.
6. Administrasjonssjefen skal utgreie lokale for Vestnes kulturskule i resterande bygningsmasse etter at Vestnes sjukeheim er riven. Undervisninga ved kulturskulen skal i størst mogeleg grad desentraliserast. Planar og kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret

10 Tilsyn

I denne saka blir ikkje saksområde der kommunen sjølv har tilsynsmynde omtala. Dette gjeld til dømes tilsyn med barnehagane og tilsyn innan brannvern/feieing. Administrasjonssjefen omtalar her eksterne tilsyn for 2. kvartal ovanfor kommunen der kommuneorganisasjonen er tilsynsobjekt.

Arbeidstilsynet:
Ingen tilsyn.

Fylkesmannen:
1 tilsyn.

Kommunal beredskapsplikt

Fylkesmannen gjennomført 02.03.20 tilsyn med kommunen sin beredskapsplikt. Føremålet med tilsynet er å sjå til om Vestnes kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet vart gjennomført som del av dei planlagde tilsyna Fylkesmannen gjennomførte i 2019. Hovudintrykket frå tilsynet var at alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar. Det vart derimot avdekt 1 avvik.

Avvik:

Vestnes kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen frå 2017 fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Utdjupande kommentar:

Dei mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet, som går fram av det overordna planverket er sett på bakgrunn av funn i ROS-analysen frå 2014, og vi finn ikkje at dette er revidert med bakgrunn i funn frå den heilskaplege ROS-analysen frå 2017.

Frist:

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til Fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

11 Rapportering av sjukefråver

Driftsrapporten inneheld ei enkel rapportering av sjukefråver. Hovudrapporteringa til AMU og Administrasjonsutvalet er meir djuptgåande.

AMU og administrasjonsutvalet behandlar sjukefråveret for 1. termin (tertialrapportering) i september.

Vurderingar for denne perioden (1. halvår 2020):

Sjukefråverstatistikken for 1. halvår 2020 syner at Vestnes kommune har eit totalt sjukefråver på 10,2 %. Til samanlikning var tala 10,9 % for 2019 og 9,5 % for 2018 for same periode. Målet er å ikkje ha høgare sjukefråver enn 8 %. Fråveret er såleis vel 2 % for høgt.

Sjukefråver 1. halvår	2020	2019	2018
Type fråver	Prosent		
Eigenmeldt sjukefråver	1,17	1,28	1,27
Legemeldt sjukefråver 1-9 dagar	1,13	1,25	0,62
Legemeldt sjukefråver 10-39 dagar	7,22	7,52	1,2
Legemeldt sjukefråver over 40 dagar	0,71	0,82	6,43
Sum	10,22	10,87	9,51

Tala syner at vi har hatt ein nedgang i fråveret frå 2019, men er høgare enn i 2018. I 2020 var spesielt 1. kvartal høgt med 11,5 %. 2. kvartal var derimot lågare med 9,0 %. Forklaringa på dette er nok mangfaldig. Vi veit at tidleg på året ramma influensaen hardt, vidare er det generelt mykje forkjølelse i denne perioden. For einskilde einingar er terskelen låg for å halde seg heime ved sjukdom. Dette gjeld spesielt einingar kor ein må vere forsiktig å smitte eldre, barn med fleire. Dette i motsetning til dømes einingar kor det er lite brukarkontakt. 2. kvartal var i stor grad prega av korona og smitteverntiltaka var streng. Dette, saman med at tilsette bidrog sterk i denne «dugnaden», var truleg ein viktig årsak til at nedgangen i fråveret i 2. kvartal.

Per i dag har vi følgjande arenaer for oppfølging av sjukefråver og nærversarbeid:

- **Møteplassen:** Det vert gjennomført evaluering og oppdatering av rutine.
- **Samarbeidsmøte med legane:** Vi har hatt årlege samarbeidsmøte med legane i kommunen, men dette er ikkje gjennomført i 2020 grunna Covid 19. Mål om å få gjennomført det i løpet av året.
- **Samarbeid med jordmor:** Personalrådgjevar og IA-rådgjevar frå NAV-arbeidslivssenter i Møre og Romsdal har hatt møte med jordmor for å sjå på moglegheiter for at gravide skal kunne stå lenger i arbeid/utsette sjukmelding.
- **NED med sjukefråveret:** Prosjektet NED er gjennomført i 2018/2019 i Bu- og habiliteringstenesta, barn ungdom og familie, og delvis i sjukeheim. Ned-prosjektet vart ikkje vidareført.

Tiltak i sjukefråversarbeidet:

Før korona var det det planlagt igangsetting av følgande opplegg med formål nærvær/førebygge sjukefråver/arbeidsmiljø saman med IA-rådgjevar ved NAV Arbeidslivssenter Møre og Romsdal:

- **Einingar med spesielt fokus:**
 - Helland barnehage

- Tresfjord barnehage
- Heimetenestene

Desse einingane vert satt fokus på igjen i haust.

- **Invitert NAV-kontoret** til oppretting av verksemdteam der dei deltek med ressursar i samarbeid inn mot utvald eining.
- **Bransjeprogramma i ny IA-avtale:**
Sjukeheimar og barnehagar er prioriterte bransjar. Eigne partsamansette prosjektgrupper jobbar med tiltak retta mot desse, men det er ikkje kome avklaring på kva alle tiltaka går ut på enno.

Vegen vidare:

Administrasjonssjefen ser vi har mange arenaer for oppfølging av sjukefråveret og det gjennomførast mykje godt arbeid. Likevel er det ein veg å gå for å nå målet på 8 %.

For å få forankring og systematikk på plass bør Vestnes kommune opprette ei overordna nærværsggruppe/IA-gruppe. Godt IA-arbeid treng godt partssamarbeid. Ei nærværsggruppe kan til dømes bestå av leiing, hovudverneombod, tillitsvalde, HMS-rådgjevar (BHT) og IA-rådgjevar. Gruppa kan gjere opp status, prioritere og legge planer som gjev retning på arbeidet. I tillegg vert det no ei meir systematisk dreining og satsing mot einskilde einingar, jf. tiltaka ovanfor. Dette er i tråd med ny IA-avtale.

Vedlegg

Særutskrift:



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Arkivsak-dok.	20/00021-1
Saksbehandler	Jane Anita Aspen

Saksgang	Møtedato
Vestnes kontrollutval	19.10.2020

Saksframlegg

Oppfølgingsliste til møte 19.10.2020

Sekretariatet si tilråding:

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Saksopplysningar

I dette møtet er dette møtet er det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- Nytt personvernregelverk
- Vassforsyning og avløp

Vurdering

Dersom det er saker utvalet ønskjer å følgje opp over tid, eller kome tilbake til i eit seinare møte, kan desse bli fremja i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Vedlegg

Oppfølgingsliste 200831

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 31.08.20)

Merknad:	Status:
13.03.13 Internkontroll i Vestnes kommune Ansvar: Adm./sekr Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet fekk ei orientering i møte 10.12.2013 om det nye internkontrollsystemet Risk Manager. Kommunalsjef Rune Håseth informerte i møte 03.12.14 om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Kontrollutvalet har fått jamlege statusrapportar.	13.03.13: Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. 29.05.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. 19.09.13: Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. 10.12.13: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. 03.12.14: Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer statusrapport om eit halvår. 28.04.15: Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. 17.09.15: Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. 16.11.16: Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» 14.02.17: Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17. 22.11.17:Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny orientering før sommaren 2018. 11.04.18: Kontrollutvalet ønskjer at ny orientering vert utsett til møte 24.09.18. 24.09.18: Frank Skorgenes orienterte i dagens møte jf. OS 05/18. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport om 1 år. 02.09.19: Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval. 04.11.19: Kontrollutvalet ønskjer i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet og ein presentasjon av systemet. 19.02.20: Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, og systemansvarleg for Risk manager Frank Skorgenes orientert, og presenterte systemet for utalet jf. OS 01/20. På bakgrunn av orienteringa avsluttar utvalet oppfølging av saka.
26.05.16 Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma Ansvar: Adm./sekr Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i	16.11.16: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn. 14.02.17: Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad,

tilsyn som fylkesmannen gjennomførte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.	orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet. 02.05.17: Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet. 12.06.17: Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011. 02.10.17: Avviket er lukka jf. brev frå fylkesmannen 05.07.17. Utvalet fekk orientering frå einingsleiar Anna Balstad i dagens møte jf. OS 25/17. Det er varsla nytt systemtilsyn i 2018. Kontrollutvalet vil halde seg orientert om resultatet av nytt tilsyn. 06.12.18: Sekretær opplyste at fylkesmannen har lagt inn i sine planar nytt tilsyn på tvang og makt, samt legemiddelhandtering for utviklingshemma våren 2019. 07.05.19: Sekretær viste til at det i Driftsrapport pr. 1. kvartal, framgår at kommunen har fått utsett dette tilsynet til hausten 2019.
20.02.18 Innkjøp og offentlege anskaffingar Ansv: adm./sekr.	
Anskaffingsregelverket er omfattande og erfaringsvis er dette eit risikoområde som det er viktig at kontrollutvalet følgjer opp. Vestnes kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av kommunane Ålesund, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg oppdatering av status på innkjøpsområdet, bl.a. organisering av samarbeidet, status for rammeavtalar og korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverket vert følgt.	20.02.18: Kontrollutvalet ønskjer i møte 11.04.18 ei orientering om organisering av innkjøpsarbeidet i Vestnes kommune, og korleis arbeidet med innkjøp og offentlege anskaffingar vert kvalitetssikra. 11.04.18. Adm.sjefen orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 02/18. Utvalet vil følgje opp at innkjøpsreglementet kjem på plass og ønskjer ein ny statusrapport våren 2019. 12.02.19: Utvalsleiar opplyste at formannskapet i møte 11.02.19 handsama sak om Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. Saka vert behandla i neste kommunestyremøte. 26.06.19: Utvalet ønskje ei oppdatering om status på innkjøpsområdet i møte 2.9.2019. 02.09.19: Utvalet utsatte å be om denne orienteringa til nytt utval. 04.11.19: Kontrollutvalet ønskjer i første møte 2020 ein statusrapport for arbeidet. 19.02.20: Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og Einingsleiar for eigedomsdrift, Mona Janne Johansen, gav utvalet status for organisering av innkjøpssamarbeidet, status for rammeavtalar og status for korleis administrasjonssjefen sikrar at regelverk vert følgt, jf. OS 02/20.
12.02.19 Nytt personvernregelverk Ansv.: adm./sekr	
I 2018 fekk Norge ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert	07.05.19: Utvalet ønskjer i møte 17.06.19 å få ei orientering om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personopplysningsreglane. 26.06.19: Hilde Rekdal, personlrådgevar og tryggleiksansvarleg for personvern, informerte utvalet i dagens møte jf. OS 01/19. 31.08.20: I samråd med administrasjonssjefen vert denne orienteringa utsett til møte 19.10.20.

og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunane.	
19.02.20 Psykisk helse for barn og unge i Vestnes Ansv.: adm./sekr	
Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne egne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».	03.06.20: Kontrollutvalet ønskjer i møte 23.11.20 ein statusrapport for arbeidet knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».
19.02.20 Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten Vestnes kommune» Ansv.: adm./sekr	
Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne egne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk	19.02.20: Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og einingsleiar Elisabeth Sylte presenterte planen for oppfølging av tilrådingane., jf. sak 03/20. Utvalet ønskjer til siste møte i 2020, ein ny statusrapport for oppfølging av tilrådingane, med særleg vekt på korleis kommunen sikrar betre kommunikasjon i heimetenestene.

helseteam for barn og unge i Vestnes». Kontrollutvalet behandla rapporten i møte 26.06.19 sak 21/19 og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. KST behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Det vart fatta følgjande vedtak:

1) Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Hjemmetjenesten i Vestnes kommune» tilvitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

- Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.
- Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.
- Kommunen skal sikre at tjenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos bruker.

2) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

3) Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere om heimetenesta er tenleg organisert, m.a. vurdere korleis nærleiken for tenesteytarane til leiar kan bli betre.

4) Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte i februar 2020.

19.02.20

Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune.

Ansv.: adm./sekr

På Vestnes kommune si heimeside så kjem det fram at Vestnes kommune har avtale med dei private andelsvassverka om å oppfylle kommunen sine lovpålagte krav om vassforsyning. Dei private vassverka er; Tresfjord vassverk SA, Vestnes vassverk, Tomrefjord vassverk, Fiksdal vassverk og Rekdal vassverk. Det er interessant for kontrollutvalet å halde seg orientert om korleis Vestnes kommune sikrar vassforsyninga i kommunen. Det

31.08.20: Utvalet ynskje til møte 19.10.202 å få orientering om korleis vassforsyninga i kommunen.

kjem fram i kommunen si årsmelding 2018 at Tekniske tenester har ansvar for drift og vedlikehald av avløpsnett og avløpsreinsing.	
04.05.20 Rapport frå tilsyn i Vestnes kommune med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming 2019 Ansv.: adm./fylkesmannen/sekr	
Helsetilsynet har konkludert med følgjande lovbrota: Vestnes kommunen sikrar ikkje at alle personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helsetenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evalueringa av tenesteutføringa. Vestnes kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.	04.05.20: Tilsynsrapporten vart framlagt i dagens møte, jf. RS 08/20. Utvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sin plan for retting av lovbrota, samt fylkesmannen si vidare oppfølging/avslutning av tilsyn. 31.08.20: Utvalet fekk i dagens møte, jf. RS 12/20 framlagt kommunen si tilbakemelding til fylkesmannen knytt til oppfølging av lovbrota. Det er mange tiltak som står i kommunen sin planen for oppfølging, som ikkje er fullført enda. Utvalet ønskje å bli orientert om status og framdrift i arbeidet.